



Norges miljø- og
biovitenskapelige
universitet

Årsrapport 2017 - 2018



Innhold

I	Melding frå styret	4
II	Introduksjon til verksemda og hovudtal	8
III	Aktivitetar og resultat for året	16
	Kunnskapsdepartementet sitt sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning	16
	NMBU sine verksemdsmål knytte til sektormål 1	16
	Resultatrapportering på nasjonale styringsparametrar	17
	Resultatrapportering på eigendefinerte styringsparametrar	23
	Måloppnåing for sektormål 1 i 2017	24
	Kunnskapsdepartementet sitt sektormål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling	25
	NMBU sine verksemdsmål knytte til sektormål 2	25
	Resultatrapportering på nasjonale styringsparametrar	26
	Resultatrapportering på eigendefinerte styringsparametrar	29
	Måloppnåing for sektormål 2 i 2017	30
	Kunnskapsdepartementet sitt sektormål 3: God tilgang til utdanning	31
	NMBU sine verksemdsmål knytte til sektormål 3	31
	Resultatrapportering på nasjonale styringsparametrar	31
	Resultatrapportering på eigendefinerte styringsparametrar	32
	Måloppnåing for sektormål 3 i 2017	34
	Kunnskapsdepartementet sitt sektormål 4: Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem	35
	NMBU sine verksemdsmål knytte til sektormål 4	35
	Resultatrapportering på nasjonale styringsparametrar	36
	Resultatrapportering på eigendefinerte styringsparametrar	37
	Måloppnåing for sektormål 4 i 2017	38
	Anna rapportering	39
IV	Styring og kontroll	44
V	Vurdering av framtidutsikter	50
	NMBU har gode føresetnader	50
	Økonomiske perspektiv	50
	Overordna risikovurderingar frå styret	51
	Planar for 2018 knytte til verksemdsmåla og styringsparametrane	52
	Andre tiltak	58
	Vedteke budsjett for 2018	59
	Større investeringsprosjekt	60
VI	Årsregnskap	62



I

Melding frå styret

Styret vil framheve at NMBU har eit fagleg mangfald som er skreddarsydd for å bidra til verdas 17 berekraftsmål som er vedtatt av dei Sameinte Nasjonane. Løysingane på utfordringane desse måla omhandlar, vil i stor grad finnast innanfor, og ikkje minst i skjeringsflatene mellom fagområda våre. Med ein unik syntese av miljø, biovitenskap, veterinærmedisin, teknologi, arealplanlegging og økonomi har NMBU spesielt gode føresetnader for å bidra med ny kunnskap og nye løysingar.

Samla resultat, måloppnåing og ressursbruk ved NMBU

NMBU har i 2017 gode resultat, jamt over betre enn i 2016. Gode dømer er: betre studentgjennomstrøyming, god deltaking i Horisont 2020, fortsatt auka omsetning frå Noregs forskingsråd, god auke, andre bidrags- og oppdragsinntekter, forventa auke, men svak, på publiseringspoeng per faglege årsverk, 92 doktorgradar, auke i talet kommersialiseringar og ein ser at kjennskapen til NMBU generelt har auka.

Med verknad frå 2017 har NMBU etablert ein ny organisasjonsmodell som har sju fakultet, og ha forenkla (effektivisert) styringsmodellen og det administrative støtteapparatet. Den nye styringsstrukturen har større og meir robuste einingar og skal slik frigjere ressursar til å styrkje kjerneverksemda ved universitetet.

NMBU har i 2017 styrka satsinga på Framifrå forskning og utdanning. Satsinga er NMBU sitt strategiske grep for å løfte arbeidet med forskning og utdanning.

Fagmiljøa har i 2017 vidareført arbeidet med studiekvalitet, gjennomstrøyming og studiepoengproduksjon. Det målretta arbeidet gjev resultat og viser at NMBU er på rett veg. NMBU har etablert eit heilt nytt studietilbod innan Data Science, ein viktig strategisk milepåle i utviklinga av studieprogramporteføljen.

NMBU har i 2017 styrkt samarbeidet med eksterne partnerar for auka forskingsinnsats. NMBU sitt talentsatsingsprogram viser gode resultat. Det har vore høg aktivitet knytt til deltaking i Horisont 2020. Forskingsmiljøa ved NMBU er sentrale i den nasjonale satsinga på livsvitenskap der NMBU blant fleire, samarbeider med Universitetet i Oslo.

Innovasjonsstrategien har vore eit godt grunnlag for å auke satsinga på entreprenørskap og kommersialisering av forskingsresultat. Etableringa av Ard Innovation AS og Inkubator Ås AS har vore viktig for både stor aktivitet blant studentane og for auka bidrag frå vitenskapelig tilsette.

Samlokaliseringssprosjektet representerer ein unik sjanse, og NMBU har prioritert ressursar for å bidra til at prosjektet når dei måla som er sett frå dei løyvande styresmaktar. Fagmiljøa ved NMBU har i 2017 evna å halde oppe utdannings- og forskingsproduksjonen i tillegg til omfattande brukarmedverknad.



Universitetsstyret ved NMBU 07.03.2018

Frå venstre framme: Sol Høgset, Thea B. Blystad Klem, Siri Hatlen (Styreleiar), Marianne Harg, Kristin Olstad

Frå venstre bak: Ruth Haug, Per Holten-Andersen, Petter Arnesen, Birger Svihus, Ole Johan Rosenvold Holtet, Eivind Norum

Foto: Håkon Sparre

5

NMBU er kome godt i gang med å realisere effektmåla som er sette for Samlokaliseringsprosjektet. Dyrepleiarstudiet er alt utvida til eit bachelorstudium, det er etablert forskingssamarbeid på nye område, og fleire nye tverrfaglege ph.d-kandidatar er i gang med sitt studium.

Arbeidet med utvikling av campus Ås har vore viktig i 2017. Styret har vedteke hovudretninga for vidare campusutvikling og fastsett arealnormer. Styret vil vedta ein samla campusplan i løpet av fyrste halvår 2018.

2017 har ressursmessig sett vore eit utfordrande år. Styret erkjenner at også åra framover til flytting frå Adamstua til Ås er gjennomført i 2020, vil medføre ekstra ressursbruk som det førebels ikkje er gjeve dekning for gjennom øyremerka løyvingar over statsbudsjettet. Styret har sett av mykje midlar til brukarmedverknad og flytteførebuingar i Samlokaliseringsprosjektet og Prosjekt campus. I tillegg har styret innanfor budsjetttramma innarbeidd ei avsetjing på 15 mill. kroner til dekning av uforutsette kostnader.

Samla sett meiner styret at NMBU i 2017 har gode resultat, god måloppnåing, og ein effektiv ressursbruk, når ein tek med i vurderinga dei tunge prosjekta og prosessane knytte til fusjon og samlokalisering.

Forhold som har verka inn på oppnådde resultat

Dei store utbyggingsprosjekta krev i stort monn involvering og deltaking frå NMBU sine tilsette, og NMBU har sett risiko for at dette kan virke negativt inn på kjerneverksemda. Fleire miljø har eit stort ressursuttak i utbyggingsprosjekta. Trass i denne situasjonen syner dei gode resultatata for 2017 at ein har klart både å oppretthalde og betre resultat på fleire områder. Styret vil gje honnør for innsatsen som ligg til grunn for desse resultatata.

Eit område med potensielt negativ innverknad på resultatutviklinga er dei fysiske rammene for gjennomføringa av studieprogramma. Fleire fagmiljø peikar på mangelfull infrastruktur, slitte lokalar og splitta lokalisering som ei utfordring i gjennomføringa av studieprogramma. Det er ei viktig målsetting for arbeidet med Campusplanen å betre dette.

Dei viktigaste prioriteringane i 2018

NMBU har som ambisjon å skape ny fagleg synergi og nye satsingar gjennom tverrfagleg utvikling. Det er venta at dei nye fakulteta vil yte mykje innsats for å få fleire framifrå fagmiljø, auka talentsatsing, betre studiekvalitet og nye støttefunksjonar for satsing på Horisont 2020, Erasmus+ og andre EU-satsingar.

NMBU vil i 2018 styrke posisjonen sin som nasjonal og internasjonal aktør i utdanning og forskning. Universitetet har sidan etableringa i 2014 opparbeidd seg eit godt omdømme, både blant samarbeidspartnarar og i befolkninga. Omdømmet speglar samfunnsrelevansen, kvaliteten og den målretta innsatsen frå fagmiljøa.

Digitalisering innanfor undervisning, forskning og forvaltning vil bli prioritert i 2018. Til dømes skal alle eksamenar det praktisk ligg til rette for, gjennomførast digitalt frå 2018. Nytt løns- og personalsystem er implementert med nye digitale løysingar.

Planlegging for å nå samfunns- og effektmåla for Samlokaliseringsprosjektet blir utvida og styrkt i 2018. Samarbeidet med Statsbygg om infrastruktur, og då spesielt IKT, vil bli ei viktig satsing saman med utvikling av effektive, berekraftige driftsmodellar. Flytte- og ibruktakingsprosjektet vert vidareført med full tyngde. I budsjettet for 2018 har styret sett av 34 mill. kroner for å dekke NMBU sine utgifter til deltaking i Samlokaliseringsprosjektet med tilhøyrande underprosjekt.

Styret vil i løpet av 2018 vedta Strategi 2019–23. NMBU har valt «Kunnskap for livet» som visjon. Den nye strategien vil vise kva for mål og retning NMBU peikar ut for best mogleg å kunne oppfylle denne visjonen.

6

Ås, 15. mars 2018


Siri Hatlen
styreleder


Marianne Hårg



Per Holten-Andersen



Petter Arnesen


Birger Svihus


Ruth Haug


Kristin Olstad


Thea B. Klem


Eivind Norum


Sol Høgset


Ole Johan R. Holtet




II

Introduksjon til verksemda og hovudtal

NMBU sin visjon **Kunnskap for livet** uttrykker målet om å vere ein viktig aktør i arbeidet med til å sikre livsgrunlaget for framtida. Det gjer vi gjennom framifrå forskning, utdanning, formidling og innovasjon.

Med ein unik syntese av miljø, biovitskap, veterinærmedisin, teknologi, arealplanlegging og økonomi har NMBU særleg god føresetnad for å bidra med ny kunnskap og nye løysingar i det grønne skiftet.



Framifrå forskning og utdanning: to område – ei satsing

Prestisjeprosjekt, satsing på talentar og kvalitet i alle ledd er berebjelkene i NMBU si satsing Framifrå forskning og utdanning for perioden 2015-2019. Me skal ha forskingsmiljø i internasjonal toppklasse og utdanne kandidatar som har fagleg djupna, tverrfagleg forståing og internasjonalt perspektiv. NMBU skal også ha ein kultur som fremme kvalitet i alle ledd.

NMBU sitt samfunnsoppdrag

Samfunnsoppdraget gjev oss ein særprega profil og ei rolle i norsk og internasjonal universitetssamanheng.

NMBU skal

- vere ein konstruktiv, framtidsretta og kritisk utdannings- og forskingsinstitusjon som samarbeider med universitet og forskingsinstitusjonar over heile verda for å utvikle ny kunnskap
- utdanne kandidatar som er kompetente og reflekterte, som har internasjonalt perspektiv og som blir attraktive deltakarar i det nasjonale og internasjonale samfunnet
- ha ansvaret for forskning på høgt internasjonalt nivå, og på utvalde område ha forskargrupper som er blant dei leiande i verda

NMBU har særleg føresetnad fordi

- forskingsinstitusjonane og universitetet på campus utgjer eit internasjonalt konkurransedyktig forskings- og utdanningsmiljø innanfor miljø- og biovitskapane, då desse forskingsmiljøa skaper ny fagleg synergi og nye tverrfaglege tilnæringsmåtar
- studentane deltek i eit kreativt lærings- og studiemiljø med lange tradisjonar
- vi har eit internasjonalt universitet med studentar og tilsette frå nærare 100 ulike nasjonar og med lang tradisjon for internasjonalt samarbeid

NMBU har eit særleg ansvar for

- forskning som kan møte dei store globale spørsmåla om miljø, berekraftig utvikling, betre folke- og dyrehelse, klimautfordringar, fornybare energikjelder, matproduksjon «frå jord og fjord til bord» og areal- og ressursforvaltning
- utdanning av kandidatar i miljø- og biovitskapane, veterinærmedisin og nye tverrfaglege utdanningstilbod som vil gje samfunnet nye moglegheiter til å skape ei berekraftig utvikling som er best for dagens og komande generasjonar
- innovasjon og verdiskaping, kunnskapsformidling og deltaking i den globale innsatsen for ei berekraftig utvikling på område der NMBU er leiande

Nøkkeltal

Nøkkeltal om økonomi

NMBU forvalta over 1,7 milliardar kroner i 2017.

Beløp i tusen kroner	2017
Totalt	1 739 650
inntekter frå stat	1 176 559
eksterne inntekter	361 021
sals- og leigeinntekter	167 297
andre driftsinntekter	34 773

Nøkkeltal om studia ved NMBU

- Over 5200 studentar
- 17 bachelorprogram, 45 masterprogram
- 1229 kandidatar i 2017 (1194 i 2016). Av desse var 396 bachelor, 494 2-årig master, 339 5-årig master og profesjonsutdanningar.

10

NMBU skårar høgt på trivsel blant studentane våre. Dette går fram av den årlege studentundersøkinga. Studentane seier at årsaka er:

- tett og nært studentmiljø
- studentsamfunnet, studentane sitt eige hus
- Uka i Ås annakvart år
- meir enn 80 ulike lag og foreiningar
- eigen idrettspark og idrettshall
- miljøvenlege studentbustader

Nøkkeltal om forskinga ved NMBU

- 790 vitenskaplege årsverk
- 520 doktorgradsstudentar
- rundt 90 doktorgradar årleg
- rundt 1000 vitenskaplege publikasjonar årleg

Vi er stolte av å leie fleire forskingssenter



Professor Svein Jarle Horn viser fram bioraffineriet, som inneheld utstyr som er naudsam for Bio4Fuels.
Foto: Håkon Sparre

Bio4Fuels

NMBU er vertskap for Bio4Fuels, som er eit Forskingssenter for miljøvenleg energi (FME). Saman med mange aktørar skal NMBU utvikle berekraftig biodrivstoff som er basert på skandinavisk skog. Eit av hovudmåla for senteret er å utvikle teknologi for berekraftig produksjon av andregenerasjons biodrivstoff. Senteret har særleg fokus på bioraffinering, der produksjon av biodrivstoff blir sett i samanheng med produksjon av andre høgverdige produkt. Senteret vart oppretta i 2016.



Professor Margareth Øverland er ansvarleg for Foods of Norway. Foto: Håkon Sparre

Foods of Norway

Foods of Norway er eit Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI). Senteret skal utvikle miljøvenleg og framtidsretta dyrefôr frå naturlege ressursar, som algar og skog. Senteret vart oppretta i 2014.



Biletet er frå oppstartseminaret i Cerad i 2013. Professor Brit Salbu (t.h.) er prosjektleiar. Foto: Gisle Bjørneby

CERAD

CERAD – Centre for Environmental Radioactivity, er eit Senter for framifrå forskning (SFF). Forskingstiljøet ragar i front innanfor radioaktiv forskning. Senteret vart oppretta i 2013.

NMBU har

- Rundt 1700 tilsette fordelt på campus Ås, campus Adamstua og campus Sandnes
- Sju fakultet
- Universitetsdyresjuehus
- Senter for husdyrforsøk (SHF)
- Senter for klimaregulert planteforsking (SKP)
- Senter for etter- og vidareutdanning (SEVU)

Om organisasjonen

I 2016 var NMBU gjennom ei omorganisering, og mykje arbeid har gått med til å implementere den nye organisasjonen i 2017. I løpet av 2017 har det vore tilsett rektor, to prorektorar, sju dekanar, administrasjonsdirektør og to avdelingsdirektørar.

Universitetsleiinga



Mari Sundli Tveit
rektor



Solve Sæbø
prorektor for
utdanning



Øystein Johnsen
prorektor for
forskning



Lars Atle Holm
administrasjons-
direktør



Eva Falleth
dekan LANDSAM



Cecilie Rolstad Denby
fungerande dekan
REALTEK



Anne Storset
dekan VET



Kari Kolstad
dekan BIOVIT



Ågot Aakra
dekan KBM



Gro Ladegård
dekan HH




Sjur Baardsen
dekan MINA



Jonas Wettre Thorsen
leiar av Studenttinget

Organisasjonskart



På veg mot ein felles campus

Stortinget har sett ei kostnadsramme på vel 8,1 milliardar kroner i perioden fram til 2020 for å utvikle NMBU på campus Ås. Veterinærfaga blir lokaliserte saman med resten av universitetet på ein campus. Veterinærinstituttet flytter også inn i bygget.

Investeringane gjev NMBU gode føresetnader for å lykkast med å ta ein tydeleg posisjon blant universitet i Noreg og internasjonalt. Bygget vil bidra til styrkte fagmiljø, betre studieforhold og meir tverrfagleg arbeid.



Prosjektleiar Erik Antonsen frå Statsbygg i det nye bygget på campus Ås. Foto: Håkon Sparre.



Veterinærbygget begynner å ta form. Foto: Håkon Sparre.



Ivrige tilsette på befaring. Foto: Håkon Sparre.



KRONA




Aktivitetar og resultat for året

Kunnskapsdepartementet sitt sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Nasjonale parametrar fastsette av Kunnskapsdepartementet	Resultatvurdering
Delen bachelorkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid (DBH)	
Delen masterkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid (DBH)	
Delen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år (DBH)	
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar (Studiebarometeret)	
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten (Studiebarometeret)	
Talet på publiseringspoeng per fagleg årsverk (DBH)	
Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk (Forskringsrådet/NIFU)	
Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet studentar (DBH)	
NMBU sin eigendefinerte parameter	Resultatvurdering
Talet på gjennomførte periodiske programevalueringar	

Resultatvurderingen har denne graderingen:

 Resultatkravet er nådd

 Ikkje godt nok

 Alvorleg

 Ikkje aktuelt/ikkje rapporteringsgrunnlag i 2017

DBH = Database for statistikk om høgare utdanning

NMBU sine verksemdsmål knytte til sektormål 1:

1. NMBU sine kandidatar har kompetanse på høgt fagleg nivå, er etterspurde og bidreg til berekraftig verdiskaping for å sikre livsgrunnlaget for framtida.
2. NMBU sine kandidatar har fagleg djupn, tverrfagleg forståing og internasjonalt perspektiv.
3. NMBU har fri og uavhengig forskning på høgt internasjonalt nivå som gjev ny kunnskap for ei berekraftig utvikling.

Sektormål 1:
Høg kvalitet i utdanning og forskning

Resultatrapportering på nasjonale styringsparametrar

Gjennomføring på normert tid

Type utdanning	2016	2017	
		Mål/ambisjonar	Resultat
Delen bachelorkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid (DBH)	40 %	45 %	43,4 %
Delen masterkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid (DBH)	56,8 %	60 %	57,8 %

Gjennomføringa av studium på bachelor- og masternivå NMBU hadde ei positiv utvikling frå 2015 til 2016. Dette var ei ytterlegare forbetring etter oppgangen føregåande år. Det er gledeleg å sjå at den gode utviklinga held fram i 2017.

NMBU ligg godt over gjennomsnittet for sektoren når det gjeld masternivå, men under når det gjeld bachelor.

Studiepoengproduksjonen følgjer omtrent same mønster som gjennomføringa, men biletet er ikkje eintydig, og det er program med svakare gjennomføring ved alle fakultet.

Fråfallet ved NMBU følgjer mønsteret nasjonalt; fråfallet skjer i hovudsak i løpet av dei to fyrste semestera. Samstundes er det viktig å understreke at mykje av det generelle fråfallet frå studieprogram i Noreg er eit uttrykk for mobilitet, noko som igjen er ein konsekvens av eit fleksibelt utdannings- og studiefinansieringssystem. Det er verken uønskt eller problematisk for sektoren samla sett at studentane byter studieprogram innanfor eller mellom institusjonane.

NMBU har høge ambisjonar for arbeidet med å auke gjennomføringa og minske uønskt fråfall. Dette gjeld i særleg grad for bachelornivået. Forsking viser at institusjonane sitt handlingsrom for å betre gjennomføringa, er avgrensa. Tiltaka må difor vere målretta og ha solid forankring i det studienære arbeidet. Dei må vidare vere baserte på kunnskap og deling av røynsler og beste praksis mellom institusjonane i Noreg.

Programrapporteringa frå 2017 viser til eit tilfredsstillande arbeid for å auke gjennomføring på programnivå. Dei programmiljøa som har dei største utfordringane med gjennomføring og studiepoengproduksjon, er medvitne om desse og set inn tiltak.

I dei siste åra har NMBU arbeidd med tiltak retta mot masterstudentar, som tydelegare retningslinjer og tilbod om trening i akademisk skriving. Det er også gjennomført endringar på studieprogramnivå, som har forsterka effekten av tiltaka frå sentralt hald. I 2017 har NMBU innført ei eiga studentevaluering av masteroppgåveforløpet, og informasjonen til studentane er betra. Dette arbeidet har samla sett gjeve tydelege resultat i høgare gjennomføring på masternivå. I 2018 vil tiltaka spenne breiare for også å treffe gjennomføringa på bachelornivå.

NMBU deltok 2017 i eit nasjonalt kompetansedelingsprosjekt i regi av Universitetet i Bergen. Det er identifisert fleire område der NMBU har eit potensial for utvikling. Viktige tiltak i 2018 er betre fyrstelinjeoppfølging av studentar og å følgje dei opp frå opptak til oppstart og under heile det fyrste året.



Doktorgradsseremonien ved NMBU 2017. Her er 41 av dei i alt 84 kvinner og menn med doktorgrad frå siste år samla på trappa foran Urbygningen. Foto: Håkon Sparre

Delen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år

	2016	2017	
		Mål/ambisjonar	Resultat
Delen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år (DBH)	74,8 %	75 %	67 %

Delen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år etter opptak, vart i 2017 lågare enn venta. Fram til 2017 har det vore ei positiv utvikling frå 2014 (63%) til 2015 (72%) og 2016 (73%). Slike endringar er innanfor det ein må vente, og årsakene er samansette. I dei seinare åra er det spesielt lagt vekt på gjennomføring av obligatoriske seminar som start-, midtvegs- og sluttseminara. Det har vore fokus på utvikling av kandidatane sine generiske kompetansar som prosjektleiing, formidling og akademisk skriving. Det blir i åra framover viktig å halde fram med kvalitetsarbeidet innan forskarutdanninga.

Det vart i 2017 avlagt 92 doktorgradar, alle ph.d.-gradar, og teke opp 87 nye ph.d.-kandidatar. Det er venta at talet på disputasar også i nokre år framover vil vere 90–95 per år. Ved utgangen av 2017 var talet på aktive doktorgradskandidatar ca. 520. Opptaket til doktorgradsutdanninga har falle noko i 2017 samanlikna med dei føregåande åra, der opptaket var høvesvis 111 (2014), 99 (2015) og 103 (2016), men er på same nivå som perioden 2011 - 2013. Opptaket kan variere som følgje av tildeling av prosjekt og «ingongsstillingar», og av intern prioritering av stillingskategori mellom ph.d.-kandidatar eller post. doc/forskarar.

Ved doktorgradsseremonien ved NMBU i 2017 vart det delt ut to prisar: Forskingsprisen 2017 og den aller fyrste utdelinga av Alf Bjørseths inspirasjonspris.

Sektormål 1:
Høg kvalitet i utdanning og forskning

Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar

	2016	2017	
		Mål/ambisjonar	Resultat
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar (Studiebarometeret)	37	38	38,8

NMBU-studentane opplyser i Studiebarometeret frå 2017 i snitt å bruke 38,8 timar per veke på studia, fordelt på organiserte læringsaktivitetar (18,2 timar) og eigenstudium (20,6 timar). Dette er ein auke på 1,3 prosentpoeng samanlikna med føregåande år, og NMBU ligg nesten 4 timar over gjennomsnittet. Samtidig ser ein at NMBU-studentane arbeider 2,8 timar mindre ved sida av studia enn gjennomsnittet.

Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten

	2016	2017	
		Mål/ambisjonar	Resultat
Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten, på ein skala 1–5, (Studiebarometeret)	4,2	4,5	4,2

19

NMBU sin skår på «alt-i-alt»-spørsmålet om tilfredsheit i Studiebarometeret, ligg stabilt på 4,2. Dette er den høgste skåren blant dei norske universiteta og 0,1 prosentpoeng over landsgjennomsnittet.

Universitetet skårar betre på relevans i studia og programmet si evne til å inspirere, samanlikna med andre tema for undersøkinga. NMBU skårar lågast på indeksane for praksis og medverknad, men likevel på eller noko over landssnittet.

NMBU har sidan Studiebarometeret vart innført i 2014, lagt vekt på at resultatata fyrst og fremst er interessante når dei blir vurderte på programnivå og at samanhengane rundt studiekvalitet blir forstått best på programnivå. Dei skal nyttast som éi av fleire kjelder til utviklingsarbeidet og til å vurdere nødvendige tiltak for å betre studiekvaliteten. Programmiljøa rapporterer at dei bruker resultatata i undersøkinga i arbeidet med å evaluere og utvikle programma. NMBU vil i 2018 arbeide aktivt for å auke svarprosenten i undersøkinga.

Hovudinstrykket frå programrapportane for 2017 er at undervisninga legg til rette for at studentane skal nå eit definert læringsutbyte. Programsamansetjing, fagleg kompetanse og attraktivitet hos kandidatane blir stort sett vurdert som god. Læringsaktivitetar og vurderingsformer blir også vurderte å bygge opp under læringsmåla.

Mange programmiljø viser til god kopling mellom utdanning og forskning. Dette biletet blir også stadfest av resultatata frå Undervisarundersøkinga frå 2017, der det jamt over blir vist til bruk av nyare forskning.

Det er ein klar ambisjon at fleire av tiltaka på programnivå skal vere pedagogisk retta tiltak med utspring i NMBU sin læringsfilosofi. Innsatsen for å få til endring av undervisninga er også sentral i arbeidet med å følgje opp føringar og forventningar i Meld. St. 16 *Kultur for kvalitet i høgere utdanning*.

For å løfte undervisningsområdet er det behov for systematisk støtte til dei tilsette og for ein arena for dialog om framifrå utdanning. Læringscenteret ved NMBU skal leggje til rette for undervisarane sitt

arbeid med å utvikle undervisninga. Senteret har gjennom 2017 utvida tilbodet og verksemdsområde ytterlegare når det gjeld rettleiing og kunnskapsdeling, særleg når det gjeld bruk av digitale verktøy. Utviklinga av senteret si rolle held fram inn i 2018.

NMBU vil i 2018 halde fram arbeidet med å utvikle eit heilskapleg opplegg for kompetanseutvikling med Uniped som basis.

Å støtte prosjekt og fagmiljø som kan vise veg og gå føre, er ein del av satsinga på framifrå forskning og utdanning. Det vil bli utlyst ein tredje runde med støtte til innovativ undervisning i 2018.

Det har vore auka merksemd på studieprogramnivået i 2017. Blant tiltaka er innføring av programråd, utvikling av opplæringsmodul for programleiarar, støtte til fakulteta i arbeidet med å utvikle læringsutbyteskildringane og opparbeiding av betre kunnskap om arbeidet med internasjonalsisering.

NMBU sin studieportefølje skal vere eit uttrykk for retning for universitetet og ha ein framtidsretta profil. Dette sikrast gjennom ei jamleg vurdering både på fakultetsnivå, og på institusjonsnivå. Dette er eit område som har vorte sett på vent i tider med samanslåing og omorganisering, men som får ny aktualitet i arbeidet med ny strategi i 2018.

Det er utarbeidd eit forslag til eit meriteringssystem som vil bli vedteke i 2018.

Læringsstøttesystemet Canvas har i 2017 erstatta Fronter. Systemet kom på plass i juni med full implementering for heile institusjonen frå hausten.

NMBU gjennomførte eit pilotprosjekt med digital eksamen i desember 2016, og prosjektet har vorte utvida jamt i 2017. Målsetnaden er at alle eksamenar som det er føremålstenleg å avvike digitalt, skal vere digitaliserte innan våren 2018.

20

Talet på publiseringspoeng per faglege årsverk

	2016	2017	
		Mål/ambisjonar	Resultat
Talet på publiseringspoeng per faglege årsverk (DBH)	1,3	1,4	1,35 (Endelegje tal kjem 05.04.2018)

Det endelege resultatet når det gjeld publiseringspoeng vil fyrst liggje føre 05.04.2018. Publiseringspoeng per fagarårsverk per 08.02.2018 var 1,35 samanlikna med 1,30 i 2016. Målet for 2017 er 1,40. publikasjonspoeng per fagarårsverk.

NMBU har kontinuerleg fokus på publisering og arbeider for at talet på publiseringspoeng per faglege årsverk aukar mot 1,70 i eit langsiktig perspektiv. Vitskapleg tilsette blir oppmoda om å publisere i kanalar i tidsskrift på nivå to, der dette er mogleg.

Per 08.02.2018 har NMBU registrert til saman 1.095 vitskaplege publiseringar for 2017. 21 % av publikasjonane var på nivå to.

NMBU hadde i 2015 og 2016 høvesvis 555 og 574 internasjonale vitskaplege samarbeidspublikasjonar. Per 08.02.2018 var dette talet 608 for 2017.

Sektormål 1:
Høg kvalitet i utdanning og forskning

EU: Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk

	2016	2017	
		Mål/ambisjonar	Resultat
Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk ¹ (Forskingsrådet/NIFU)	28 000	30 000 ²	60 500

¹ Berekna på grunnlag av innvilga prosjekt som hadde søknadsfrist i 2017. Nokre av prosjekta er framleis i kontraktfase. For desse prosjekta har ein teke utgangspunkt i søkt beløp og ikkje innvilga beløp..

² Verdien av Horisont 2020-kontraktar vart fram til 2017 rapportert som inntekt per FoU-årsverk frå Horisont 2020-prosjekt slik at måltalet som vart sett for 2017, ikkje kan samanliknast med det som no skal rapporterast.

NMBU kan vise til gode resultat for Horisont 2020 i 2017. Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk var på ca. 60 500 kr. Talet for 2016 var på ca. 28 000 kr. Åtte av 37 søknader er innvilga, noko som gjev ein suksessrate for 2017 på heile 21,6%. NMBU var koordinator i tre multipartner-søknader og har fått innvilga ein av desse; *Sino-European innovative green and smart cities (SiEUGreen)*.



SiEUGreen skal styrkje samarbeidet mellom EU og Kina for å fremje urbant landbruk med sikte på auka mattryggleik, ressurseffektivitet og smartare, meir robuste byar. Foto: Jose L Vilchez / Shutterstock.com

Universitetet er også ein aktiv søkjar til fleire EU-program, som European Research Area (ERA-Net), Joint Programming Initiative (JPI-ar) og European Cooperation in Science and Technology (COST). NMBU har lykkast godt med ERA-nettverka, og i 2017 vart NMBU med i seks nye cofund-prosjekt. To av desse er koordinerte av NMBU. NMBU har, slik som i tidlegare år, hatt høgt fokus på European Research Council (ERC). Det har vore arbeid systematisk for å identifisere og følgje opp kandidatar som bør søkje ERC. Fire søknader vart sende i 2017. Ein kandidat kom til trinn to. Talentutviklingsprogram i satsinga på framifrå forskning og utdanning har ei sentral rolle i arbeidet med ERC.

Auken i programetableringsstøtte (PES) frå Forskingsrådet har gjeve oss moglegheit til å styrkje det sentrale EU-rådgjevarapparatet med 1,3 årsverk.

EU-rådgjeverane har systematisk informert om relevante utlysingar, noko som har gjeve resultat i form av auka interesse og fleire førespurnader. EU-forum er ein møteplass for alle ved NMBU som har ein støttefunksjon innanfor EU-forsking. Forumet har fått ei styrkt rolle og er eit viktig tiltak for å auke kompetansen og vere ein arena for erfaringsutveksling og samarbeid på tvers av fakultetsgrensene.

Det er utarbeidd rutine for søknader og prosjekt som ei oppfølging av tilrådingane frå internrevisjonen. Føremålet er å bidra til klårare rollefordeling og meir samordna administrativ støtte, for på den måten å styrkje søknadsprosessane og bidra til auka kvalitetssikring av søknadene. Fakulteta starta i 2017 eit arbeid med å utvikle nye EU-strategiar som skal bidra til å auke deltakinga i Horisont 2020.

NMBU har også på annan måte satsa på å styrkje forskingskvaliteten og ein god forskingskultur. Interne ordningar for utanlandsstipend, vitenskapleg utstyr, småforsk-midlar, kompetanseutvikling for ph.d.-rettlearar, open publisering og utvikling av søknader om ekstern finansiering er nokre av tiltaka. Det er i tillegg lagt vekt på erfaringsutveksling og «beste praksis» mellom fakulteta når det gjeld kvalitet i forskarutdanning og forskinga.

Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar

	2016	2017	
		Mål/ambisjonar	Resultat
Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet studentar (DBH)	1,51 %	2,5 %	1,13 %

22

Utviklinga for delen utvekslingsstudentar på Erasmus+ var positiv frå 2015 til 2016; frå 1,02 prosent til 1,51 prosent. I 2017 gjekk resultatet noko ned og prosentdelen var 1,13.

NMBU kan samstundes vise til ein auke over fleire år for inn- og utreisande studentar totalt sett. Talet på innreisande studentar ligg godt over 400 og talet på utreisande studentar var 227.

NMBU sine bilaterale relasjonar er avgjerande for å bidra til at NMBU når målsetnaden sin om å vere eit internasjonalt konkurransedyktig forskings- og utdanningsmiljø innanfor miljø- og biovitenskap. I 2017 har det vore spesiell merksemd på arbeidet med å delta i fleire internasjonale program, slik som partnerskapsprogrammet NORHED og Nord-Amerika-programmet. Vidare jobbar NMBU aktivt med å få til langsiktig samarbeid av høg kvalitet innanfor Panoramastategien.

Studiebarometeret inkluderte frå 2016 for fyrste gong spørsmål om internasjonalisering. NMBU skåra høgare enn gjennomsnittet på alle spørsmål om internasjonalisering. Det er spesielt stor differanse når det gjeld undervisning og pensum på engelsk, fagleg vinning med internasjonale studentar og informasjon om utanlandsstudium der NMBU låg langt over snittet nasjonalt. I 2017 er spørsmålsstillinga endra, men NMBU kjem framleis godt ut.

NMBU har ambisjonar om ei vesentleg høgare måloppnåing på dette området og vil halde fram arbeidet med å gjere utvekslingsopphald til ein meir integrert og forventa del av utdanningsløpet.

NMBU har i 2017 opparbeidd eit betre kunnskapsgrunnlag gjennom programrapporteringa og gjennomføring av seminar om internasjonaliseringa. Universitetet vil bruke det nye kunnskapsgrunnlaget aktivt i 2018 for å utvikle treffsikre tiltak både for å motivere studentane til å reise og for å betre rammene i studieprogramma.

Sektormål 1:
Høg kvalitet i utdanning og forskning



Årleg reiser ca. 200 NMBU-studentar ut i verda på ein av universitetet sine avtaler og universitetet tar i mot omlag 400 internasjonale studentar. Foto: Håkon Sparre.

23

Resultatrapportering på eigendefinerte styringsparametrar

Talet på gjennomførte periodiske programevalueringar

	2016	2017	
		Mål/ambisjonar	Resultat
Talet på gjennomførte periodiske programevalueringar	0	Auke talet evalueringar	0

Periodiske evalueringar med ekstern deltaking er eit viktig supplement til dei årlege eigenevalueringane. I 2017 vart det innført ein ny eigendefinert styringsparameter for å betre styringa i gjennomføringa av periodiske programevalueringar.

Erfaringar viser at evalueringar har mykje å seie for arbeidet med å utvikle programma. Evalueringane hjelper miljøa med å få eit systematisk utanfrå-blikk og med å setje ei retning, og det blir referert aktivt til programrapportane fleire år i etterkant av evalueringane til oppfølgingsarbeid og tiltak.

Alle dei vedtekne periodiske evalueringane for 2017 vart sette i gang, men ingen var avslutta innan utgangen av året. Dette vert mellom anna forklart med at dei har vorte sette i gang seinare enn planlagt, mellom anna av di ein venta på tilsetjingar av nye dekanar, og at omorganiseringsprosessane på fakulteta har vore krevjande og påverka framdrifta.

Måloppnåinga i 2018 vil bli vesentleg høgare utan at det blir sett inn ekstraordinære tiltak.

Måloppnåing for sektormål 1 i 2017

NMBU er godt nøgd med utviklinga innan målområdet i 2017. Både for utdanning og forskning er resultatata betre enn i 2016. Satsinga på Framifrå forskning og utdanning er eit viktig strategisk grep for å auka måloppnåinga, og som ein no ser gode resultat frå. Dette gjeld både for måloppnåing opp mot sektormålet, men også mot verksemdsmåla. Gode døme på vellukka satsingar er talentutviklingsprogrammet, ordninga med stønad til utvikling av innovativ undervisning og styrkinga av rådgjevarapparatet knytt til EU-forskinga.

På utdanningsområdet peiker gjennomføringa i riktig retning, og det skjer heile tida ei utvikling av studieprogramma og av undervisninga for å auke studentane sitt læringsutbytte. Denne utviklinga blir i stor grad driven av fagmiljøa, og blir komplettert med sentrale tiltak som til dømes etableringa av Læringscenteret, utdanningsfaglege kompetanseutviklingstilbod og utlysing av midlar til innovativ undervisning. Leiinga har merksemd på dei områda der det er potensial for betring. Dette gjeld i særleg grad for gjennomføringsgrad i bachelorutdanningane og gjennomføringa av periodiske programevalueringar.

NMBU hadde i 2017 eit godt resultat i Horisont 2020. Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk har auka mykje. Talet på innvilga søknader var vesentleg høgare enn tidlegare, og NMBU fekk eit stort koordinatorprosjekt. NMB følgjer den nasjonale og internasjonale utviklinga på open forskning nøye og har starta arbeidet med revisjon av interne retningslinjer for lagring og tilgjengeleggjering av forskingsdata. Det er også sett i gang ei vurdering av om ein skal slutte seg til San Francisco Declaration on Research Assessment (DORA). Ei eventuell tilslutning vil bli avklart i 2018.

Kunnskapsdepartementet sitt sektormål 2: Forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Nasjonale parametrar fastsette av Kunnskapsdepartementet	Resultatvurdering
Delen masterkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning (NIFU/Kandidatundersøkinga)	
Bidraginntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk (DBH)	
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (DBH)	
Delen forskingsinnsats i MNT-fag (NIFU/FoU-statistikken)	
NMBU sin eigendefinerte parameter	Resultatvurdering
Talet kommersialiseringar (lisensavtalar, selde patentrettar, selskapsetableringar frå tilsette og studentar – NMBU)	

Resultatvurderingen har denne graderingen:

■ Resultatkravet er nådd

■ Ikkje godt nok

■ Alvorleg

■ Ikkje aktuelt/ikkje rapporteringsgrunnlag i 2017

NMBU sine verksemdsmål knytte til sektormål 2:

- NMBU har saman med strategiske samarbeidspartnarar ei internasjonal leiande rolle innanfor framtidsretta område av miljø- og biovitenskap, og skaper ny fagleg synergi saman med forskingsklyngja på Adamstua og Ås.
- NMBU er saman med forskingsinstitutta på Ås og Adamstua den fremste nasjonale forskingsklyngja som bidreg til innovasjon og verdiskaping i miljø- og biovitenskapane.

Resultatrapportering på nasjonale styringsparametrar

Delen masterkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning

	2016	2017	
		Mål/ambisjonar	Resultat
Delen masterkandidatar sysselsett i relevant arbeid		90 %	

NIFU si kandidatundersøking (kandidatar fullført i inneverande år) blir gjennomført annakvart år. Den siste undersøkinga er frå 2015. Det gjekk fram av denne og NMBU si eiga kandidatundersøking (kandidatar fullført frå NMBU i 2009-2015), begge frå 2015, at kandidatane frå NMBU jamt over er attraktive på arbeidsmarknaden og raskt kjem i relevant arbeid. Rapporteringa på programnivå frå fakulteta for 2016, er i tråd med resultatane frå desse undersøkingane.

Det er ikkje kome nytt talgrunnlag for denne styringsparameteren sidan Årsrapporten for 2016, og NMBU ventar på den nye undersøkinga frå NIFU for å få et oppdatert bilde av situasjonen for kandidatane.

Studieprogramrapportane for 2017 viser at kandidatane jamt over er attraktive på arbeidsmarknaden og raskt kjem i relevant arbeid. Vidare er programmiljøa opptekne av å auke relevansen i utdanninga. I tillegg til kontakten med arbeidsgjevarar, blir kontakt med alumni løfta fram som nyttig av fleire. Nokre fakultet har eigne, skreddarsydde kandidatundersøkingar for å dekkje dette behovet.

Karriererettleiinga ved NMBU skjer både lokalt og sentralt. Studierettleiarane er viktige i det lokale tilbodet til studentane, medan Karrieresenteret er NMBU si kompetanseining for karriererettleiing som skal gje noverande studentar eit heilskapleg karriereutviklingstilbod. I NMBU si kandidatundersøking frå 2015 peika «studentretteiinga i samband med overgang til jobb» seg ut som eit av områda med størst potensial for forbetring. Arbeidet i Karrieresenteret er både vidareutvikla og intensivert i 2017. Senteret har hatt eit tett samarbeid med Næringslivsutvalet (NLU) og bidrege ved Karrieredagen og Næringslivsdagen. Det er planlagt ytterlegare utvikling av rettleiing og kursportefølje for 2018, med vekt på å nå studentane tidlegare i studieløpet.

Det er gledeleg med god måloppnåing på denne styringsparameteren. NMBU har mange gode døme på samarbeid med nærings- og arbeidsliv, og arbeidet med relevans er på god veg på universitetet. Samtidig er nettopp dette arbeidet kritisk for at universitetet kan møte behova i eit arbeidsliv i omfattande og mangfaldig endring, og leiinga følgjer difor utviklinga tett.

Bidragsinntekter frå Forskringsrådet per fagleg årsverk

	2016	2017	
		Mål/ambisjonar	Resultat
Bidragsinntekter frå Forskringsrådet per fagleg årsverk (DBH)	286 231	300 000	290 690

NMBU nådde også i 2017 tilnærma målsetnaden om tildeling av midlar frå Forskringsrådet per fagårsverk. NMBU ligg framleis på topp blant universiteta i Noreg når det gjeld tildelingar frå Forskringsrådet.

NMBU har også hatt suksess innanfor:

- Fri prosjektstøtte (FRIPRO) - eitt toppforskingsprosjekt, to prosjekt for unge forskartalent, eitt forskarprosjekt og eitt prosjekt med støtte til arrangement
- BIOTEK2021 - eitt prosjekt
- BIONÆR - seks prosjekt
- ENERGIX - eitt prosjekt
- KLIMAFORSK - to prosjekt
- HAVBRUK2 - eitt forskarprosjekt, tre postdoktorprosjekt og eitt gjesteforskarstipend

27

I tillegg har NMBU fått tre prosjekt gjennom Fondet for forskning på landbruksprodukt og Jordbruksavtalemidler.

NMBU har ambisjon om fleire senter i tillegg til eksisterande senter som Foods of Norway (SFI), Cerad (SFF) og Bio4Fuels (FME). Det er teke fleire initiativ i samband med komande utlysingar av FME-samfunnsfag, Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI) og Nasjonal satsing på forskingsinfrastruktur.

Utstrekt samarbeid med Universitetet i Oslo og i Osloregionen innanfor livsvitenskap er viktig for NMBU. NMBU er aktivt med i the Life Science Cluster og er medarrangør av dei årlege Livsvitenskapsdagane.

Det ligg også eit potensiale for å vidareutvikle prosjektsamarbeidet med forskingsinstitutta NIBIO, Nofima og Veterinærinstituttet, både med finansiering frå Forskringsrådet, næringsliv og offentleg forvaltning.

Andre bidrags- og oppdragsinntekter utanom EU og Forskringsrådet per fagleg årsverk

	2016	2017	
		Mål/ambisjonar	Resultat
Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (DBH)	161 472	170 000	191 920

NMBU sine inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) utanom EU og Noregs forskingsråd per fagleg årsverk ligg for 2017 godt over målsetnaden på 170.000 kr. Auken er på heile 22%, og husdyr- og akvakulturvitenskap og veterinærvitenskap utmerkar seg.



Framtidstinget under Framtidsfestivalen vart leia av komikar og programleiar Siri Kristiansen (i midten). Deltakarar var stortingspolitikar Bård Vegar Solhjell, gründer Max Tangen frå 7sense, byrådd for miljø og samferdsel i Oslo Lan Marie Nguyen og student Tommy Haugen. Foto: Håkon Sparre

NMBU vil i 2018 arbeide vidare med tiltak som er med på å auke bidrags- og oppdragsinntektene utanom EU og Forskningsrådet og ønskjer spesielt å etablere eit profesjonelt støtteapparat, møteplassar og god dialog mellom involverte partar. NMBU har eit variert og omfattande samarbeid med næringsliv, offentleg sektor og utanlandske aktørar. Samarbeidet er særleg tett innanfor dei tradisjonelle faga som jordbruk, skogbruk, havbruk, mat og landskapsplanlegging, men NMBU har også samarbeid innanfor energi, foredlingsindustri og ulike teknologiområde.

I september 2017 arrangerte NMBU for fyrste gong NMBU Framtidsfestivalen, ein kombinert kick-off for studentar og eksterne deltakarar med nærare 700 deltakarar – hovudsakleg studentar, men også ca. 130 eksterne deltakarar. Arrangementet vart planlagt og gjennomført av ei gruppe studentar, med støtte frå administrasjonen. Temaet var «Vår grønne framtid – frå ord til handling», med fokus på mat og landbruk, grøn verdiskaping og framtidbyar.

Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) er, og vil vere, eit viktig organ for innspel til korleis NMBU skal utvikle og styrkje samarbeidet med samfunns- og arbeidslivet. Eit svært vellukka møte i RSA vart arrangert i 2017 med tema: *Utdanning – framtidens kunnskaps- og kompetansebehov og NMBU sine moglegheiter*.

Kunnskapsdepartementet øyremerkte i 2017 10 mill. kroner til Sandnes Education And Research Center Høyland (SEARCH) sitt nybygg. SEARCH er eit samarbeid mellom NMBU, og ei rekkje aktørar (Stavanger universitetssjukehus – Helse Stavanger HF, Universitetet i Stavanger og stiftinga Norsk Luftambulans) i Rogaland, om å leggje til rette for tverrsektoriell biomedisinsk forskning, innovasjon, og utdanning av både helse og veterinærpersonell. I statsbudsjettet for 2018 er det tildelt 12 mill. kroner til medisinsk utstyr og teknisk inventar til nybygget på Høyland, og Rogaland fylkeskommune har i tillegg tildelt 1 mill. kroner som bidrag til SEARCH-prosjektet.

Delen forskingsinnsats i MNT-fag

	NB: 2015	2017	
		Mål/ambisjonar	Resultat
Delen forskingsinnsats i MNT-fag (NIFU/FoU-statistikken) ¹	39 %	50 %	Ligg føre april/ mai 2018

¹ Matematiske, naturvitskapelege og teknologiske fag

Data blir samla inn av NIFU i oddetalsår.

NMBU hadde ein viss nedgang i forskingsinnsatsen innanfor MNT-fag frå 47 % i 2013 til 39 % i 2015 (NIFU, 2017).

Det har i 2017 vore ein liten auke i løyvinga frå Forskringsrådet innanfor MNT-fag frå 58,3 mill. kroner i 2016 til 61,2 mill. kroner. NMBU fekk 21 rekrutteringsstillingar øyremerkte MNT-fag og tre rekrutteringsstillingar øyremerkte realfag/teknologi.

Blant universiteta er det NMBU som har den høgaste delen vitskapelege tilsette innanfor MNT-fag (jf. NIFU rapport 2014/33). MNT-faga på NMBU står for dei langt fleste publiseringane, og har dei fleste ph.d.-kandidatane og postdoktorane. Ein stor del av NMBU sine eksterntfinansierte prosjekt har tematikk retta mot MNT-fag. NMBU sine senter (SFF, SFI og nye FME-senter) er også knytte til MNT-fag, og NMBU er partner i Forskringsrådet si satsing på Digitalt Liv der NMBU har to prosjekt.

29

Resultatrapportering på eigendefinerte styringsparametrar**Talet på kommersialiseringar (lisensavtalar, selde patentrettar, selskapsetableringar frå tilsette og studentar NMBU)**

	2016	2017	
		Mål/ambisjonar	Resultat
Talet kommersialiseringar (lisensavtalar, selde patentrettar, selskapsetableringar frå tilsette og studentar – NMBU)	6	10	12

I 2017 fekk NMBU 120 førespurnader, og 40 resulterte i aktive kommersialiseringssprosjekt. Det er etablert eitt selskap for ein forskar og seks selskap for studentar.

NMBU har eit langsiktig perspektiv på innovasjons- og kommersialiseringssatsinga.

Innovasjonsstrategien som vart vedteken i 2014, er eit viktig verkemiddel for å vidareutvikle campussamarbeidet. NMBU og NIBIO har i 2017 overdrege ansvaret for Technology Transfer Office (TTO) til ARD Innovasjon AS (tidlegare Innovasjonssenter campus Ås AS). Dei har også fått ansvaret for arbeidet med entreprenørskapskultur og studentinnovasjon. ARD Innovasjon utgjer, saman med

Inkubator Ås AS og Kjeller Innovasjon AS sine Ås-medarbeidarar, Innovasjonssenter Campus Ås. Omorganiseringa har resultert i at NMBU sine kommersialiseringsaktivitetar får tilgang til FORNY-programmet til Noregs forskingsråd.

I 2017 har selskapet arbeidd med overføring av NMBU sin portefølje, profesjonalisering av tenestetilbodet og tilrettelegging for auka innovasjonsaktivitet.

Innovasjonsarrangementet SERUM vart gjennomført i 2017, med 450 deltakarar og 30 samarbeidspartnarar. Arrangementet bestod av workshops, investordag og inspirasjonsforedrag med tema berekraft. Det vart delt ut fire prisar denne dagen: Innovasjon Noreg sin Gründerpris og beste entreprenør, og McDonalds og Nortura sin berekraftpris og NMBU og NIBIO sin innovasjonspris.

Det er venta at kommersialiserbare idear vil kunne kome opp i om lag 50 per år.

NMBU har styrkt utdannings- og kompetansetilbodet sitt innanfor entreprenørskap og innovasjon for studentar og tilsette. Det blir planlagt å etablere ein sommarskule med temaet innovasjon med fyrste gjennomføring sommaren 2018

Måloppnåing for sektormål 2 i 2017

NMBU er tilfreds med måloppnåinga innanfor sektormål to og verksemdsmåla. NMBU er blant dei fremste universiteta i Noreg når det gjeld inntekter frå Noregs forskingsråd. Det har også vore ein auke på 22 % i inntekter frå oppdrags- og bidragsfinansiert verksemd utanom Forskingsrådet og Horisont 2020. Sjølv om det er ein auke, er overskotet mindre enn ønskt.

NMBU vil arbeide for at det oppstår nye idear og prosjekt i skjeringsflatene mellom fagområda, og leggje til rette for at nye løysingar innanfor klima, miljø og mogleggjerande teknologiar for samfunnet kan realiserast.

NMBU har styrkt posisjonen sin på bioøkonomiområdet både på nasjonale og internasjonale arenaer. NMBU har teke aktiv del i samarbeidet innanfor livsvitskap i Oslo-regionen, blant anna med the Life Science Cluster og Universitetet i Oslo.

NMBU har potensial for å utvide samarbeidet både med næringsliv og offentleg sektor. NMBU vil halde fram å ta grep om dette i 2018 gjennom projektsøknader, aktiv deltaking på møteplassar, samhandling med Råd for samarbeid med arbeidslivet, ekstern deltaking i studieprogramråd og i etter- og vidareutdanningsverksemda.

NMBU arbeider systematisk og målretta når det gjeld mottak og kommersialisering av forretningsidear og for å få til fleire lisensavtalar og oppstartsselskap basert på idear frå tilsette og studentar ved NMBU.

Kunnskapsdepartementet sitt sektormål 3: God tilgang til utdanning

Nasjonale parametrar fastsette av Kunnskapsdepartementet	Resultatvurdering
Kandidattal på helse- og lærarutdanningane	
NMBU sine eigendefinerte parametrar	Resultatvurdering
Talet på kurs og deltaking på EVU-kurs	
Auka kjennskap til NMBU (Ipsos nasjonale undersøking)	

Resultatvurderingen har denne graderingen:

- Resultatkravet er nådd
- Ikkje godt nok
- Alvorleg
- Ikkje aktuelt/ikkje rapporteringsgrunnlag i 2017

NMBU sine verksemdsmål knytte til sektormål 3:

6. NMBU er best i Noreg i formidling av forskingsresultat
7. NMBU gjev relevant etter- og vidareutdanning

31

Resultatrapportering på nasjonale styringsparametrar

Kandidatmåltal for integrert lærarutdanning

	2016	Kandidatmåltall fastsatt av KD	2017 - Resultat
5-årig integrert lærarutdanning (LUR)	12	20	16
PPU og PPU-Y	79	56	72
Totalt: Kandidattal på helse- og lærarutdanningane	91	76	88

Kunnskapsdepartementet har sidan 2014 hatt spesiell merksemd på kandidattala i helse- og lærarutdanningane. NMBU har lærarutdanningane PPU og LUR. Samla uteksaminerte NMBU fleire kandidatar i lærarutdanninga enn kravet. Kandidattala frå PPU NMBU kjem i 2016 og 2017 over Kunnskapsdepartementet sitt måltal. Kandidatmåltala for PPU NMBU svingar, men gjennomføringsgraden er jamt høg. Kandidattalet for PPU for 2018 er på 64 kandidatar, og ein forventar at 68 kandidatar fullfører.

Kandidatmåltal for Lektorutdanning i realfag var eit tema på etatsstyringsmøtet 2016, der det vart peika på at NMBU ligg under måлтаlet, og at departementet ventar at universitetet set i verk tiltak slik at gjennomføringa blir monaleg høgare. I tillegg vart det i tildelingsbrevet for 2017 presisert at NMBU skal ha merksemd på gjennomføring på lærarutdanningane. Resultatet for 2017 er betre enn for 2016, men ligg lågare enn ønskt. Dette gjeld òg for forventa resultat for 2018. Årsakene er at kandidatar i Lektorutdanning i realfag i dette kullet har valt overgang til andre studieprogram,

er forseinka i gjennomføringa eller blir rettleidde ut av studiet (ikkje eigna til å bli lærarar). På grunn av auka inntak (over 20 studentar per kull sidan opptaket 2014), er det venta ein auke og god måloppnåing i Lektorutdanning for realfag frå 2019. Det er sett inn tiltak for å betre studierettleiinga og marknadsføringa ved lektorutdanninga ved NMBU. Lektorutdanning i realfag har fått stadig fleire søkjarar, og i 2017 vart studiet lukka etter første opptak. Frå hausten 2018 vil NMBU opne for at lektorstudentane kan velje fag 1 innan informatikk med mastergradsoppgåve i berekningsorientert realfag (Store Data).

I løpet av hausten 2017 er det inngått ein avtale mellom NMBU og Akershus fylkeskommune om etablering av universitetsskular ved fire vidaregåande skular (Ski-, Ås-, Frogn-, og Hvam vidaregåande skole). Intensjonane er også å etablere ei talentlærarsatsing innanfor Undervisning for berekraftig utvikling (UBU) saman med næringslivet/organisasjonar.

Begge lærarutdanningane ved NMBU er vurderte å ha god kvalitet, og innhaldet blir heile tida vurdert opp mot rammeplanar og gjennom ekstern deltaking i programutvikling. I Studiebarometeret for 2017 skårar lektorutdanninga ved NMBU høgast i landet på «alt-i alt-spørsmålet» om tilfredsheit. Studentane er også over gjennomsnittleg tilfreds på delindeksane.

Vidare vart lærarutdanninga ved NMBU lagt merke til i 2017 gjennom tildelinga av Utdanningsforbundet sin klimapris. NMBU si lærarutdanning har sett seg eit overordna mål om at dei skal utdanne lærarar som kan bidra til berekraftig utvikling. Klima og berekraft er gjennomgåande i studiet og blir også prioritert i etterutdanninga. I juryen si vurdering står det at «Lærerutdanningen legger vekt på at studentene skal lære om klima og bærekraft både i teori og praksis og legger opp til eksemplarisk undervisning med studentaktive arbeidsmåter.»

Resultatrapportering på eigendefinerte styringsparametrar

Talet på kurs og deltaking på etter- og vidareutdanningskurs (EVU)

Deltakarar på etter- og vidareutdanning	2016	2017	
		Mål/ambisjonar	Resultat
Talet på kurs og deltaking på EVU-kurs	46 (14 nye kurs) 1760	Minst 54 kurs 2000 deltakarar	59 2134

NMBU har valt å ha ein eigendefinert styringsparameter for etter- og vidareutdanning (EVU). Bakgrunnen for dette er NMBU sin ambisjon om at kunnskap skal delast, blant anna gjennom å tilby relevant EVU. Denne aktiviteten er eit viktig bindeledd mellom NMBU sine fagmiljø og arbeidslivet og dermed strategisk viktig for institusjonen i å bidra til livslang læring.

Aktivitetane på EVU-feltet er aukande, og det er jamt over gode resultat. Fleire av kursa som er gjennomførte i 2017, bruker nettbaserte læringsressursar aktivt. Dei digitale læringsressursane blir utvikla i eit fleirbruksperspektiv, det vil seie både i ekstern kompetanseheving og i ordinær undervisning. NMBU er også prosjektlearar for utvikling av eit digitalt kurs i forsøksdyrlære i samarbeid med Universitetet i Oslo, NTNU, Universitetet i Bergen og Universitetet i Tromsø.

NMBU har høge ambisjonar for sitt EVU-arbeid og ønskjer eit løft på området. Leiinga har derfor teke initiativet til ein gjennomgang av utfordringar og moglegheiter på området, og til å utarbeide ein eigen strategi for etter- og vidareutdanningsaktiviteten ved NMBU.

Auka kjennskap til NMBU

Deltakarar på etter- og vidareutdanning	2016	2017	
		Mål/ambisjonar	Resultat
Auka kjennskap til NMBU		Framleis auke i NMBU sitt omdømme i Ipsos profilundersøking	Auke på 14 prosentpoeng (frå 26 % i 2015 til 40 % i 2017)

Det vart gjennomført ei omdømmeundersøking i 2017. Undersøkinga viser at kjennskapen til NMBU har auka sidan førre måling i 2015, og at NMBU har eit godt omdømme. Omdømmeundersøkinga viser at rektor har ei synleg og framstående rolle.

Forskarar og leiinga ved NMBU skal ha formidling som ein integrert del av arbeidet sitt. I 2017 vart det halde skrivekurs på norsk og engelsk, og dessutan medietreningskurs for forskarar og undervisarar. Det er også halde kurs i sosiale medium for studentar.

Forskarane driv utstrekt formidlingsarbeid gjennom Store norske leksikon og har 24 fagansvarlege i leksikonet. NMBU er medlem i forskning.no, som er ein viktig formidlingskanal for oss.

33

NMBU hadde over 6000 presseoppslag i 2017 (tal frå M-brain). I formidlings- og pressearbeidet har NMBU lagt vekt på å vere meir synleg i nasjonale media, og har blant anna hatt 108 oppslag i Aftenposten, 37 i Dagens Næringsliv og 159 i Nationen.

Å vere synleg i sosiale medium er viktig for kjennskapen til NMBU, særleg for å nå nye studentar. NMBU postar jamleg i sosiale medium. Emneknaggen #mittNMBU er godt etablert og mykje brukt. NMBU si facebookside har høg aktivitet og har auka frå 3.500 følgjarar i 2014 til 15.700 følgjarar i 2017.

Kvart år legg ein ekstra fokus på nokre overordna tema. I 2016 laga NMBU serien «Det grønne skiftet» og i 2017 laga NMBU formidlingsserien Digital Kraft. Den handlar om digitalisering i forskning ved NMBU. Denne serien vart presentert som ein samla serie på nettsidene våre, publisert på forskning.no, i sosiale medium og i Nationen.

Moglege nye studentar er ei av dei viktigaste målgruppene NMBU rettar kommunikasjonstiltaka mot. I 2017 deltok NMBU på sju utdanningsmesser og besøkte 260 vidaregåande skular, representert med våre egne studentar. I tillegg tok Vitenparken imot besøk frå klassar i vidaregåande skular på oppdrag for NMBU. NMBU har også teke del på Forskingsdagane og Forskar Grand Prix.

NMBU har intensivert arbeidet med open tilgang til publikasjonar og doktorgradsavhandlingar produsert av vitskapleg tilsette ved NMBU, i NMBU sitt opne arkiv, Brage.

Måloppnåing for sektormål 3 i 2017

NMBU har god måloppnåing for sektormål tre og verksemdsmåla. NMBU blir stadig betre kjende, men vi har framleis mykje å strekkje oss etter. Jamleg og planlagt formidling og marknadsføring er ein viktig føresetnad for å bli synleg, og opplæring i formidling er eitt av fleire tiltak for å få dette til.

NMBU tilbyr relevante etter- og vidareutdanningstilbod som skal møte behova for livslang læring i samfunnet. Det er framleis rom for å auke aktiviteten innanfor etter- og vidareutdanning, særleg innanfor enkelte fagområde. I 2017 laga NMBU ein strategi for etter- og vidareutdanning som vil bli følgt opp med tiltak dei neste åra.

Kandidattala for 5-årig integrert lærarutdanning (LUR) er ikkje tilfredstillande. Søkjartala er auka, marknadsføring av studiet er styrkt, det er også oppfølginga av studentane. Over tid reknar NMBU derfor med å nå kandidattala.

Det var ei glede å få besøk av kronprinsparet på campus i mars 2017. Foto: Håkon Sparre.




NRK sommertoget besøkte Ås i august. Her står rektor og ordfører Ola Nordal klare til å ta imot journalistane. Foto: Håkon Sparre.

Kunnskapsdepartementet sitt sektormål 4: Effektiv, mangfoldig og solid høgare utdanningssektor og forskingsystem

Nasjonale parametrar fastsette av Kunnskapsdepartementet	Resultatvurdering
Talet på studiepoeng per fagleg årsverk (DBH)	
Delen kvinner i dosent- og professorstillingar (DBH)	
Delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar (DBH)	
NMBU sine eigendefinerte parametrar	Resultatvurdering
Delen administrative årsverk	
Brukarmedverknaden følgjer Statsbygg sin framdriftsplan	
NMBU følgjer planane for overtaking og bruk av dei nye bygningane	

Resultatvurderingen har denne graderingen:

 Resultatkravet er nådd

 Ikkje godt nok

 Alvorleg

 Ikkje aktuelt/ikkje rapporteringsgrunnlag i 2017

35

NMBU sine verksemdsmål knytte til sektormål 4:

8. NMBU er det leiande miljøuniversitetet i Noreg.
9. NMBU har integrasjon av fagmiljø og tekniske-administrative støttefunksjonar i ein felles effektiv organisasjon som gjev tilsette og studentar klar tilhøyrslø og stoltheit over det nye universitetet.
10. NMBU har gode fysiske fasilitetar og forskings- og studieinfrastruktur, og styrkjer HMS-innsatsen.
11. NMBU deltek i gjennomføringa av dei store byggjeprojekta, og har god leing av flytteprosessen.

Resultatrapportering på nasjonale styringsparametrar

Talet på studiepoeng per fagleg årsverk

	2016	2017	
		Mål/ambisjonar	Resultat
Studiepoeng per fagleg årsverk	307	320	301,76

NMBU har som ambisjon om å auke talet på studiepoeng per fagleg årsverk. Utviklinga dei siste åra viser ein stabil auke med ein liten nedgang i 2017, men resultatata ligg under gjennomsnittet for andre universitet. Det er store variasjonar mellom ulike fagområde.

Det er behov for å sjå nærmare på tala både når det gjeld variasjonen mellom fagområde/fakultet og bruk av ressursar på undervisning og forskning. Det skal i 2018 gjennomførast ei vurdering av ressursbruken.

Delen kvinner i dosent- og professorstillingar

	2016	2017	
		Mål/ambisjonar	Resultat
Delen kvinner i dosent- og professorstillingar	22,4 %	25 %	23,5 %

36

NMBU har som mål at kvinnedelen i dosent- og professorstillingar skal vere minst 30 % i 2020. Det har vore ein svak auke frå 2016 til 2017, der tiltaka som er gjennomførte så langt ikkje har hatt den ønskede effekten på måloppnåinga. NMBU har framleis store ambisjonar om å auke kvinnedelen i dosent- og professorstillingar og arbeider med identifisere kvinnelege førsteamanuensar som fagleg sett kan vere i posisjon til å søkje opprykk til professor innan utgangen av 2019. Det vil bli sett inn skreddarsydde faglege og økonomiske ressursar for denne gruppa. NMBU har tru på at dei individuelle tiltaka, attåt handlingsplan for likestilling og mangfald, vil føre til auka måloppnåing på området.

Delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar²

	2016	2017	
		Mål/ambisjonar	Resultat
Delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar (DBH)	18,3	18 %	17,2 %

² Mellombels tilsette fråtrekt stipendiatar, postdoktorar og II-stillingar

NMBU kan vise til ein positiv nedgang i delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar. I 2018 vil NMBU halde fram arbeidet sitt med å redusere delen ytterlegare blant anna ved å ha ein gjennomgang av alle mellombels kontraktar i denne stillingskategorien.

Sektormål 4: Effektiv, mangfoldig og solid
høgre utdanningssektor og forskingssystem

Resultatrapportering på eigendefinerte styringsparametrar

Delen administrative årsverk

	2016	2017	
		Mål/ambisjonar	Resultat
Delen administrative årsverk	20,7 %	20 %	20 %

NMBU har hatt ein nedgang i delen administrative årsverk. Stillingskontrollen som vart innført i samband med omstillinga og etableringa av nye fakultetsadministrasjonar, blir vidareført i 2018.

Brukarmedverknaden følgjer framdriftsplanen til Statsbygg

Aktiv deltaking i Samlokaliseringsprosjektet vil i 2018 bli redusert mykje i høve til tidlegare år, då bygget no er nær ferdig definert, medan brukarutstyringsprosjektet vil ha høg grad av medverknad då ei mengd innkjøp vil bli utført dette året. Dyktige medarbeidarar vil via brukarmedverknadsprosessen sikre at prosjektet får riktig kvalitet og ikkje forseinkar framdrifta som planlagt av Statsbygg.

37

NMBU følgjer planane for overtaking og bruk av dei nye bygningane

Prosjekt campus har også i 2017 hatt stort fokus på prosjekteringsarbeid for Samlokaliseringsprosjektet og Brukarutstyringsprosjektet. Dette er svært ressurskrevjande, særleg for Veterinærhøgskolen. Det blir jobba vidare med kartlegging av framtidig driftsøkonomi i det nye Veterinærbygget. IKT-prosjektet er godt i gang med kartlegging og planlegging.

NMBU sine miljøprestasjonar

NMBU har forbetra miljøprestasjonane sine monaleg dei siste åra. Universitetet bruker fjernvarme og straum med opphavsgaranti. Energisparingstiltak i bygg er utført, og det er oppretta miljøstasjonar på begge campus. NMBU eig 14 elbilar og har 66 elbilparkeringsplassar. I 2017 har fokuset vore på auka resirkulering, gå- og sykkelstrategi i samarbeid med Ås kommune og miljøstrategi for eigedomsavdelinga. Sykkelprosjektet «Bygdebike» er evaluert og vil bli følgt opp i 2018. Avfallssortering er etablert i fleire bygg. I 2018 satsar NMBU vidare på resirkulering, miljø i byggjeprojekt og miljøvenlege arbeidsreiser.

Måloppnåing for sektormål 4 i 2017

Samanlikna med 2016 vert utviklinga på måloppnåinga for sektormål fire vurdert som tilfredsstillande. Resultata er jamt over betre enn for 2016. Men sjølv om utviklinga går i rett retning, er NMBU ikkje nøgd med tempoet på fleire av områda. Eit døme på dette er kvinndelen i dosent- og professorstillingar der resultata for 2017 syner at NMBU har auka kvinndelen frå 2016. Men det skal framleis målretta innsats til for å nå målet som er sett for 2020, som ligg godt over målet som var sett for 2017.

Delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar er på veg ned, og NMBU vil i 2018 arbeide medvite for endå større nedgang på den indikatoren.

NMBU bruker mykje interne ressursar på å følgje opp Samlokaliseringssprosjektet. Det blir brukt store ressursar både blant faglege og administrative tilsette i arbeidet med å få bygd så gode løysingar som råd. Universitetsstyret har lagt på plass fleire overordna avklaringar i campusplanarbeidet, som arealnormer og mål for arealeffektivisering/-reduksjon.

Måloppnåinga på eigne verksemdsmål blir vurdert som god. NMBU held ved lag posisjonen som leiande miljøuniversitet, både gjennom eigne miljøprestasjonar og NMBU sitt miljøbidrag gjennom undervisning og forsking.

NMBU har i 2017 starta opp fleire større bygningsmessige rehabiliteringar. Dette er naudsynt, og situasjonen blir gradvis betre. Men NMBU kan ikkje seie seg nøgd med situasjonen på dette området, sjølv om målet for året isolert sett er nådd.

Det er eit gjennomgåande trekk i resultatvurderinga at fleire planlagde utviklingstiltak er sette på vent eller starta opp seinare enn planlagt, grunna stort arbeid med gjennomføring av omorganiseringa som var sett i live frå 2017.

Anna rapportering

Midlar til å gradere opp bygg ved sjølvforvaltande institusjonar

NMBU har ikkje fått tildelt midlar til å gradere opp bygg i 2017. NMBU vart i 2016 tildelt 35 millionar kroner til å gradere opp administrasjonsfløya ved tekniske fag-kvartalet. NMBU bruker 75 millionar kroner av eigne midlar, og prosjektet har ei samla ramme på 110 millionar kroner. Prosjektet er planlagt ferdig i juli 2018.

Midlar til samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåingar

NMBU har ikkje fått midlar til samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåingar i 2017.

Midlar tildelte over kap. 281 post 01 og post 45

NMBU har ikkje fått tildelingar over kap. 281 post 01 og post 45 i 2017.

Midlar tildelte over kap. 260 post 50 - Nye IKT-studieplassar

Alle dei 15 studieplassane som vart tildelte i revidert nasjonalbudsjett i 2017, vart tildelte Fakultet for realfag og teknologi og eit heilt nytt studietilbod innanfor Data Science. Den toårige masteren er internasjonalt og kombinerer fagområda informatikk, matematikk, dataanalyse og statistikk. Digitalisering, robotisering og «Big data» blir peika på som avgjerande for at norske bedrifter skal vere konkurransedyktige og bidra til økonomisk vekst i framtida. Det nye studieprogrammet representerte derfor ein strategisk viktig milestolpe i den pågåande prosessen med å utvikle NMBU sin studieprogramportefølje. Fakultetet følgde alt i 2017 opp med å utvikle ein femårig master innanfor det same fagfeltet. Dette vil seie at NMBU ytterlegare posisjonerer seg innanfor eit framtidensretta fagfelt. Regjeringa si vidareføring av tildelinga gjer det mogleg å setje i gang den femårige masteren frå hausten 2018.

Midlar tildelte over kap. 260 post 50 - Midlar til nasjonalt kompetansesenter for vatn- og avløpsinfrastruktur

NMBU vart i revidert nasjonalbudsjett tildelt midlar til å starte opp etablering av eit nasjonalt kompetansesenter for vass- og avløpsinfrastruktur, saman med norsk vassbransje. Det er eit samarbeidsprosjekt med heile «verdikjeda» i vassbransjen: forskings- og undervisningsmiljø, kommunar, teknologileverandørar, entreprenørar og rådgjevarar. Det skal etablerast eit anlegg for demonstrasjon, testing, forskning og undervisning for leiingsteknologi. NMBU samarbeider tett med Norsk Vann om etableringa og for å utvikle synergjar for satsinga. Prosjekteringa er i gang og drifts-, forretningsmodell og eigarmodell er under utvikling.

Kvalitet på bygg og infrastruktur

	2016	2017	
		Mål/ambisjonar	Resultat
Gjennomsnittleg arealvekta tilstandsgrad	1,6	1,5	1,5

Gjennomsnittleg tilstandsgrad vart forbetra til 1,5 i løpet av 2017 då Damgården og Thorsrudgården er totalrehabiliterte og løfta frå TG3 til TGO. Jordfagbygningen har fått omfattande utvendige og innvendige ombyggingar og utskiftingar. Garasje ved Verkstedbygningen er riven. Tilstandsgraden på dei gamle, og i stor grad freda bygningane blir fyrst forbetra etter grundig rehabilitering.

NMBU arbeider med ein campusplan som skal leggje grunnlaget for langtidsplanar for nødvendig verdibevarande vedlikehald. Campusplanen skal sjå utnyttinga av eksisterande bygningar og dei nye veterinærfaglege bygningane i samanheng. NMBU har vedteke å effektivisere arealbruken med 10 %.

Helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet (HMS).

	2016	2017	
		Mål/ambisjonar	Resultat
Sjukefråvær	3.1 %	3 %	3,2 %

40

NMBU sitt mål for sjukefråvær er å halde arbeidsnærværet ved lag på 97 %. Sjukefråværet ved NMBU er stabilt lågt. I 2017 var det gjennomsnittlege sjukefråværet 3,2 %, ein liten auke frå 2016. Sjukefråværet varierer mellom einingane, og det er sett inn tiltak i einingar med høgare fråvær.

Det vart rapportert 12 personskadar som medførte fråvær. Dette gjev 4,45 i H-verdi, ein auke frå 2,65 i 2017 (7 skadar). Dårlige ergonomiske forhold var årsak til dei fleste skadane. Risikovurdering og utbetring av ergonomiske forhold vil bli vidareførte i 2018.

NMBU har i 2017 oppdatert retningslinjene for varsling av seksuell trakassering og handtering av slike varsel. Det har vore dialogar om temaet i leiargrupper, arbeidsmiljøutvalet, informasjons-, drøftings- og forhandlingsmøte (IDF) og på fleire fakultetet, enten i allmøte eller på annan eigna måte.

I det vidare arbeidet vert det lagt opp at temaet blir teke inn i leiropplæringa i tillegg til at det skal inkluderast i generelle kulturbyggingsarbeidet.

NMBU er oppteke av både å arbeide førebyggjande med haldningsskapande arbeid samtidig som vi skal ha gode rutinar for å handtere eventuelle varsel om trakassering.

Samfunns- og effektmål for byggjeprojekt

Samfunnsmålet er at NMBU skal vere blant dei leiande europeiske forskingsinstitusjonane innanfor miljø- og biovitskap. Samfunnsmåla er også:

- Den nye campus Ås skal gjennom etablering av nødvendig ny bygningsmasse, styrkje kapasitet og kvalitet i utdanning, kunnskapsutvikling og nyskaping innanfor berekraftig, miljøvenleg bioproduksjon og biomedisin i Noreg.
- Nasjonalt og internasjonalt skal campus Ås vere ei verksemd som går føre innanfor biotryggleik og biosikkerheit seinast fem år etter at dei nye bygga er tekne i bruk.

Effektmåla er desse:

Effektmål 1: Utdanning

- Moderne klinikkar, laboratoria, undervisningsfasilitetar og eit fellesbygg vil auke kvaliteten på undervisninga og sikre internasjonal akkreditering av veterinær- og dyrepleiarstudia.
- Når nybygga står ferdige, skal opptaket til veterinærstudiet aukast frå 70 til 90 studentar per år, det vil innebere ein auke på 28 % uteksaminerte veterinærar.
- Dei nye bygningane vil leggje til rette for at dyrepleiarstudiet kan utvidast til eit bachelorstudium.
- Tal uteksaminerte ph.d.-kandidatar frå tverrfaglege miljø skal aukast med minst fem kandidatar innan 2025.

Effektmål 2: Forsking

- Lokale for etablering av robuste og meir tverrfaglege forskingsgrupper på campus Ås innanfor bioproduksjon og veterinærmedisin vil auke konkurransekrafta og skal gje 20 % auke i tildeling av nasjonale og internasjonale forskingsmidlar innan fem år etter at nye bygningar er tekne i bruk.
- Moderne fiskeforsøksanlegg gjev høve til handtering av kjende og ukjende smittestoff knytte til fiskehelse, og skal auke forskingsomfanget innanfor akvakultur og akvamedisin med 20 % innan fem år etter at nye bygningar er tekne i bruk.
- Senter for husdyrforsøk skal vere det nasjonale forsøksanlegget for husdyrforsking og skal resultere i 10 % auke i nasjonale og internasjonale forskingssamarbeidsprosjekt med andre forskingsinstitusjonar, industri og næring innan fem år etter at det er ferdigstilt.
- Felles bruk og investering i forskingsinfrastruktur mellom NMBU, Veterinærinstituttet og andre institutt som er på campus Ås, gjev opning for ei effektivisering med ein vinst på 10 %.

Effektmål 3: Innovasjon

- Innovasjon og næringsutvikling innan bioproduksjon og veterinærmedisin skal aukast med 20 % innan ti år etter at nye bygningar er tekne i bruk. Dette gjeld i særleg grad innanfor kunnskapsbasert bioøkonomi og bioteknologi, inklusive akvakultur, sjømat- og næringsmiddelindustrien.

Effektmål 4: Administrasjon

- Samlokaliseringa vil samla gje ei effektivisering med ein vinst på 20 % på administrative oppgåver, og denne innsparinga skal vere overført til fagleg verksemd og strategiske satsingar innan fem år etter at nybygga er ferdigstilte.

Den nye infrastrukturen vil i større grad leggje til rette for at universitetet oppnår å styrkje den miljø- og biovitenskaplege forskinga. Vi kan alt no konstatere at NMBU er godt i gang med å nå nokre av måla. Døme er dyrepleiarstudiet som allereie er utvida til eit bachelorstudium frå 2016. Det er etablert forskningssamarbeid på mange område, og fleire nye tverrfaglege ph.d-kandidatar er alt i gang med sine studium. Effektmåla ligg som premiss for arbeidet med NMBU sin strategi for 2019-23, og vil også ligge til grunn for utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet.

Ved etableringa av Senter for husdyrforsøk (Ås gard) og Fiskelaboratoriet er det investert vesentlege midlar som vil gje NMBU nye moglegheiter for å styrkje forskingsinnsatsen. Ein ser allereie ein auka etterspørsel etter forskingstenester frå næringsaktørane og andre interessentar. Det er sett eigne effektmål for det nye Senter for husdyrforsøk.



IV

Styring og kontroll

Risikovurderingar

Risikovurdering er integrert i mål- og resultatstyringa ved NMBU. I årsplanen gjer styret overordna risikovurderingar. Alle einingar ved NMBU gjer tilsvarande risikovurderingar som grunnlag for sine årsplanar. Risikoane vert følgde opp i dei årlege styringsdialogane mellom fakulteta og universitetsleiinga. Risikovurderingar er elles integrerte i metodikken for utvikling av nye system og prosedyrar ved NMBU. Døme på dette er ROS-analysar som blir gjennomførde ved innføring av nye IT-system (styringssystemet for informasjonssikring) og ved gjennomgangane av IT-system knytt opp mot førebuinga til nye personvernreglar frå 2018 (GDPR).

Overordna vurdering av tilstanden for styring og kontroll i institusjonen

NMBU sette i 2017 i verk ein ny organisasjonsstruktur med færre styringsnivå og ei klarare og meir føremålstenleg rolle- og ansvarsdeling. Ein av føresetnadene for den nye organisasjonsstrukturen er at NMBU betre skal nå fastsette mål og resultatkrav. Det er ei prioritert oppgåve å etablere gode møteplassar, felles leiarkultur og klårheit i styring og leiing. Vår eigenvurdering seier at tilstanden for styring og kontroll årleg vert betre og meir systematisert, også i 2017. Innføring av internrevisjon har hjelpt NMBU til å arbeide meir systematisk på utvikling av styring og kontroll. Innsatsen som no blir lagd ned i utvikling av styringssystem for informasjonssikring og førebuingane til innføring av nye personvernreglar (GDPR), er døme på delområde der ein vil få ei meir strukturert styring og kontroll i framtida.

NMBU sitt rapporteringssystem er basert på avviksrapportering, og omfattar alle nivå i organisasjonen. Tertialrapporten dekkjer oppfølginga og handteringa av avvika på styringsparametrar, tildelingsbrev og økonomi. Universitetsstyret får også årlege rapportar om stoda på ulike område som studiekvalitet, forskarutdanning, HMS mv. I desse rapportane blir det gjort greie for stoda, utfordringar og tiltak som ein vil leggje vekt på i det vidare arbeidet.

Internkontroll og kvalitetssikring

NMBU utarbeidde i 2016 den fyrste framstillinga av internkontrollsystemet mellom anna basert på innspel frå internrevisjonen. Det vil vere kontinuerleg merksemd på å vidareutvikle dette arbeidet. Ei rekkje av dei styrande dokumenta vart reviderte i 2016 og tekne i bruk frå 2017. Døme på dette: styringsreglement, delegasjonsreglement, oversikt over oppgåvefordelinga mellom ulike nivå i organisasjonen og instruks for økonomiforvaltninga. På økonomiområdet er det i 2017 innført felles rutinar/malar for internkontroll av rekneskapen for alle fakultet og avdelingar. Internrevisjonen møter styret to gonger årleg, og styret vedtar ein plan for internrevisjonsverksemda kvar år. Internrevisjonen har gjennomgått område som økonomi, IKT, personal, informasjonssikring, EU-prosjekt og ABE-arbeidet. NMBU skal i 2018 lyse ut internrevisjonsoppdraget innanfor rammeavtalen Difi har utarbeidd.

Kvalitetssikring av utdanninga

NMBU fekk eit nytt kvalitetssikringssystem hausten 2015. Dette er seinare tilpassa og justert i samband med omorganiseringa og revideringa av NOKUT si studietilsynsforordning. Systemet skal vere ramma for arbeidet med rapportering og utvikling av kvalitet på utdanningsområdet.

Etter vår vurdering fungerer systemet tilfredsstillande, og det blir heile tida arbeidd med å utvikle systemet og gjere alle tilsette kjende med systemet.

Hausten 2016 vart det innført ein ny modell for emneevaluering. Modellen legg opp til at evalueringane i større grad enn tidlegare skal vere ein integrert del av det jamne arbeidet med emnet. Han legg også opp til at studentane tek aktivt del når det gjeld å ha ansvar for eiga læring. Modellen blir evaluert i 2018.

Forskingsetisk utval

Ny lov om organisering av forskingsetisk arbeid (forskingsetikklova) vart sett i kraft 1. mai 2017.

Universitetsstyret har fastsett nytt mandat og samansetning av Forskingsetisk utval, og det er oppnemnt medlemmer for perioden 2017–2021.

Forskingsetisk utval har utarbeidd forslag til «Retningslinjer for behandling av enkeltsaker knyttet til vitenskapelig uredelighet». Utvalet har òg gjeve innspel til høyringssak om «Ethiske retningslinjer for bruk av dyr i forsking».

Nærare omtale av vesentlege forhold ved styring og kontroll

NMBU har ingen revisjonsmerknader frå Riksrevisjonen.

Effektivisering

I 2017 har NMBU vore opptekne av å få dei nye leiar- og administrative strukturane til å fungere. Nye rutinar og møte- og kommunikasjonsstrukturar er etablerte. Styret har gjeve internrevisor i oppdrag å gå gjennom NMBU sitt arbeid med avbyråkratisering og effektivisering, og å kome med forslag til korleis dette arbeidet kan drivast vidare. Råda frå internrevisor er kort summerte opp: tydelegare leiarforankring, digitalisering, auka bruk av prosjekt som arbeidsform, og ikkje minst; eit gjennomgåande fokus på gevinst og gevinstrealisering. Styret har for 2018 øyremerkt budsjettmidlar til digitalisering av utdanning, forsking og innovasjon.

I 2017 er det lagt vekt på å nytte eksisterande digitale system betre og å innføre nye. Dette gjeld så vel administrative system som system som stør den faglege verksemda. Døma er:

- PAGA er skifta ut med Unit4BusinessWorld som løns- og personalsystemet. Med dette blir løn, personal og økonomi samla i eitt system. Dette eliminerer manuelle kontrollfunksjonar.
- Utvalsmodulen i saks-/arkivsystemet Public 360 er teken i bruk. Dokumentstyring, saksbehandling og publisering har vorte digitalisert og fleire manuelle operasjonar er fjerna. Utvalsmodulen er teken i bruk for universitetsstyret, dei fleste fakultetsstyra, i interne utval og til leiargruppemøte.
- Eit nytt digitalt verksemdstyringsverktøy, kalla Innsikt, er under utvikling. Verktøyet er i første rekkje retta mot leiarar og har i første fase fokus på NMBU sine styringsparametrar. Det inneber at data frå ulike datakjelder blir samla. Eitt av fakulteta skal i pilot våren 2018, og det er utvikla rapportar for leiarar og styre. Det er eit stort fokus på verksemdstyringsverktøy i sektoren, og det har vore god kontakt med andre universitet og høgskular i dette arbeidet.

- Nytt læringsstøttesystem Canvas er teke i bruk til erstatning for Fronter. Canvas blir teke i bruk ved 22 institusjonar parallelt. NMBU har hatt det mest ambisiøse innføringstempoet teknisk sett, og implementeringa har vore svært vellukka.
- NMBU gjennomførte ein pilot med digital eksamen i 2016, og prosjektet har vorte jamleg utvida i 2017. Målet er at alle eksamenar som det er føremålstenleg å avvike digitalt, skal vere digitaliserte innan våren 2018.

Trygging og beredskap

NMBU har lagt Kunnskapsdepartementet sitt styringsdokument til grunn for arbeidet med trygging og beredskap. Planar og tiltak som gjer at universitetet har eit godt grunnlag for å handtere kritiske situasjonar der menneske, miljø og materiell er i fare, er vidareutvikla.

- Det er gjennomført fleire risiko- og sårbarheitsanalysar både generelt og innanfor informasjonstrygging i 2017.
- Det har ikkje vore gjennomført kriseøving i 2017. Det kjem av at mykje arbeid er lagt ned i omorganiseringa. Det er gjennomført opplæring i kriseleiing for nye leiarar ved fakulteta og nokre institutt. Det vart gjennomført ei beredskaps- og kriseøving i februar 2018.

NMBU legg Regjeringas *Handlingsplan for informasjonssikkerhet* til grunn for arbeidet med informasjonstrygging. NMBU si oppfølging av dei fem tiltaksområda i handlingsplanen er:

1. *Styring og kontroll*: NMBU sitt leiarsystem for informasjonstrygging er utarbeidd i samarbeid med UNINETT og er basert på standarden ISO/IEC 27001. Dei styrande dokumenta i leiarsystemet vart vedtekne våren 2017, og arbeidet med å setje i verk dei to siste delane, gjennomførande og kontrollerande del, er i gang. Leiarsystemet for informasjonstrygging skildrar rutinar for melding og handtering av avvik og tryggingbrot.
2. *Sikring i digitale tenester*: NMBU sitt arbeid med utvikling av informasjonstrygging går føre seg i nært samarbeid med UNINETT og dei andre universiteta i Noreg. NMBU legg vekt på å bruke standardar og beste praksis utvikla i sektoren.
3. *Digital beredskap*: NMBU har oppretta ei eiga IT-trygginggruppe som har ansvar for førebyggjande tiltak og handtering av IT-trygginga, i tett dialog med UNINETT CERT.
4. *Nasjonale felleskomponentar*: NMBU forvaltar ikkje nasjonale felleskomponentar.
5. *Kunnskap, kompetanse og kultur*: For at IT-infrastrukturen er sikker og tilgjengeleg, er det viktig at alle studentar og tilsette kjenner til sitt ansvar for informasjonstrygging. Opplæring av alle tilsette og studentar er difor eit viktig og prioritert tiltak. I sikkerheitsmånaden i oktober vart det gjennomført fleire seminar om informasjonstrygging både for tilsette og studentar. Vidare vart det lagt til rette e-læringskurs om informasjonstrygging.

NMBU deltek i samarbeidsprosjektet leidd av UNINETT om ny personvernforordning (GDPR) i universitets- og høgskulesektoren. Avvik som vart melde til Datatilsynet i 2017, er funne tilfredsstillande handterte.



Utvikling av robotteknologi blant anna med landbruksroboten Thorvald som er utvikla på NMBU, er eit av fleire viktige samarbeidsprosjekt med Panorama-landa. Foto: NMBU fotoarkiv.

47

PANORAMA-strategien

NMBU har i 2017 hatt fleire aktivitetar retta mot Panorama-landa (Brasil, Kina, India, Japan, Russland og Sør-Afrika). NMBU samarbeider med institusjonar i Brasil om utvikling av robotteknologi for landbruket, har sommarkurs i jordforvaltning i Kina og har teke initiativ til institusjonssamarbeid med fleire kinesiske universitet. Intensivkurs innanfor vass- og avløpsteknologi er gjennomført i blant anna Kina og Japan. Det er gjeve støtte til eit EU-prosjekt om byjordbruk i Kina, studentgrupper har vore på studieturar til Kina, kurs er haldne på NMBU i landsbygduitvikling i India, og doktorgradar er gjennomførde med tema frå Russland.

Samforfattarskap mellom forskarar ved NMBU og institusjonar i Panoramalanda har vore stabilt og på same nivå i perioden 2015-2017. Det er ingen markant auke i samforfattarskap med forskarar i dei enkelte Panorama-landa.

Likestilling, mangfald, diskriminering og tilgjenge

Det var også i 2017 sett av 1,4 mill. kroner fordelt på kvalifiseringsstipend for opprykk til professor, vurdering av opprykkssøknader, kalling til II-stillingar, startpakker og andre likestillingstiltak. NMBU vil halde fram arbeidet for å auke kvinne delen i faste vitenskaplege stillingar og målsetnaden om at delen kvinnelege professorar skal vere høgare enn 30 %, og at delen kvinnelege professor-II, førsteamanuensar og forskarar skal vere høgare enn 40 % innan utgangen av 2020.



Simen Johan Johnsen er den fyrste lærling innan laborantfeltet på NMBU. Foto: Håkon Sparre.

I utlysingstekstar for de øvste leiarstillingane er det under kvalifikasjonskrav lagt inn slik tekst: «kunnskap om og resultat frå aktivt likestillingsarbeid».

Likestillingskomiteen sitt mandat, namn og samansetning er endra ved å inkludere mangfald. Komiteen heiter no Komité for likestilling og mangfald. Det blir utarbeidd ein eigen årsrapport for likestillingsarbeidet, og det vil bli utarbeidd ein handlingsplan for likestillings- og mangfaldsarbeidet for perioden 2018-2021.

Lærlingar

NMBU hadde per desember 2017 13 lærlingar. Det vart oppretta to nye lærlingplassar. Éin plass innan «Bedrift og landbruksfaget» og éin plass innan «Laboratoriefaget».

NMBU sine lærlingar er fordelt på faga: røyrleggjar (2), elektrikar (1), kontor- og administrasjonsfaget (3), dataelektronikar (1), industrimekanikar (2), produksjonsteknikar (1), IKT-service (1), laboratoriefaget (1) og bedrift og landbruk (1). Det har vist seg vanskeleg å fylle opp ledige plassar i kontor- og administrasjonsfaget og byggdriftarfaget.

Ein lærlingkoordinator følgjer opp med felles samlingar for lærlingane, personleg oppfølging og kontakt med dei fagansvarlege. NMBU vart i 2017 nominert til årets lærebedrift for 2016 og har framleis som mål å auke talet på lærlingar.



VIEW • MASTER

V

Vurdering av framtidsutsikter

NMBU har gode føresetnader

NMBU skal i 2018 vedta ein ny strategi 2019-23 under visjonen «Kunnskap for livet». Dei 17 berekraftsmåla som SN har vedtatt står sentralt for NMBU sin strategiutvikling. Tverrfagleg satsing, tett integrering mellom forskning, utdanning og innovasjon og merksemd på læring for framtida vil være nødvendig for å handtere dei komplekse utfordringane vi står overfor. NMBU har gjennom sin faglege og internasjonale profil eit særleg samfunnsansvar for å bidra til å finne løysningar på dei globale utfordringane. Løysingane vil i stor grad finnast innanfor, og ikkje minst i skjeringsflatene mellom fagområda. Med ein unik syntese av miljø, biovitenskap, veterinærmedisin, teknologi, arealplanlegging og økonomi, har NMBU sær gode føresetnader for å bidra med ny kunnskap og nye løysingar.

NMBU si satsing på framifrå forskning og utdanning legg grunnlaget for forskings- og utdanningsmiljø i internasjonal toppklasse. NMBU skal kjenneteiknast med høg studiekvalitet, store ambisjonar for forskingsformidling og sterke bidrag til innovasjon og verdiskaping.

I 2018 vil NMBU vidareutvikle satsinga på framifrå utdanning og forskning. NMBU skal satse i spiss og breidd, og på kvalitet i alle ledd. Ny styringsmodell, meir effektiv administrasjon og klare strategiske mål for den faglege verksemda skal støtte opp om fagmiljøa sin innsats for framifrå forskning og utdanning. Målet er fleire prestisjeprosjekt og verdslaiande miljø. Det er ein grunnleggjande føresetnad for heile satsinga at ho skal omfatte *både* utdanning og forskning.

50

Økonomiske perspektiv

NMBU legg til grunn vekst i dei økonomiske rammene fram mot 2020. Auka gjennomstrøyming av studentar og auka forskingsproduksjon vil resultere i auka utteljing på Kunnskapsdepartementet sine budsjettindikatorar. NMBU har framleis ei god utteljing på midlar frå Forskringsrådet, og ventar å auke ytterlegare dei komande åra. I 2017 har NMBU greidd å auke omsetninga i oppdragsverksemda med 36 % frå 2016. Resultatgraden er derimot redusert til 0,8% og ligg under det fastsette målet. NMBU vil nytte potensialet i oppdragsforskninga og auke resultatgraden.

Universitetsstyret vil i 2018 legge vekt på å frigjere midlar til strategiske satsingar, omstilling og å sikre midlar til å finansiere kostnadene NMBU vil få i samband med byggjeprojekta. Universitetsstyret har sett av 34 mill. kroner i budsjettet for 2018. I langtidsprognosen er det innarbeidd 32 og 44 mill. kroner i åra 2019 og 2020. Styret har også innarbeidd ein avsetnad for ukjende kostnadar med 15 mill. kroner. Styret har teke desse store meirkostnadene opp med departementet, og konsekvensane dette kan ha for universitetet si faglege verksemd. Dette går inn i grunnlaget for risikovurderingane styret har gjort.

Universitetsstyret skal i 2018 behandle campusplanen, ein plan for framtidig campusutvikling. Som ramme for arbeidet har styret sett arealnormar og ein ambisjon om 10% arealreduksjon. For å realisere planen og kunne tilby meir tenlege lokale for tilsette og studentar vil det krevjast store investeringar i bygningar. Det vil vere ei stor økonomisk utfordring å få finansiert dette dei komande åra.

Overordna risikovurderingar frå styret

Universitetsstyret har peika på fire risikoområde:

1. *Økonomiske rammer og fridomsgradar*

I risikovurderinga for 2017 vart det peika på at NMBU stod overfor stor uvisse knytt til økonomiske behov i byggjeprojekta, venta pukkelkostnader og flyttestyret. I løpet av 2017 har fleire avklaringsar som kan redusere noko av uvisse ved byggjeprojekta, falle på plass, mellom anna knytt til kuttlistene og at fellesbygget blir realisert. Med bakgrunn i den uvisse som trass alt finst i høve til byggjeprojekta, blir risikoen framleis vurdert som høg. I budsjettet for 2018 er risikovurdering følgt opp gjennom å oppretthalde styret si avsetning til ikkje kjende kostnader på 15 mill. kroner.

2. *Organisasjon og leiing*

Den nye organisasjonsmodellen vart sett i kraft frå 2017. Den skal gje eit styrkt fagleg og strategisk utgangspunkt og eit betre styrings- og leiingsgrunnlag. NMBU er i større grad organisert meir målretta for auka effektivitet. NMBU har forventningar til den nye organisasjonsmodellen, og risikoen blir vurdert til å liggje i området medium/låg.


3. *Fokus på kjerneverksemda*

Universitetet står i ein krevjande situasjon der byggjeprojekta krev stort uttak av ressursar i form av timar, kroner og leiarverksemd. Risikoen knytt til at verksemd og ressursar blir flytte til dei store byggje- og omstillingsprojekta fram til 2020, på kostnad av kjerneverksemda, blir vurdert å liggje i området middels til høg i 2018. Dei oppnådde resultatata for 2017 tyder på at NMBU i hovudsak klarer å halde ved lag ei god utvikling av kjerneverksemda. I perspektivet fram mot 2020 blir risikoen vurdert å kunne auke, særleg knytt til ressursuttaket som er naudsynt i samband med flyttinga og det å ta i bruk dei nye bygga.

4. *Risiko for ikkje å ha nok evne til å gjennomføre campusplanen*

Gjennomføring av campusplanen vil vere krevjande på mange måtar, både når det gjeld økonomi, læringsmiljø og arbeidsmiljø. Det å ikkje kunne gjennomføre campusplanen vil ha alvorlege konsekvensar for kjerneverksemda. Risikoen knytt til evna til å gjennomføre campusplanen blir ikkje vurdert som spesielt høg i 2018. Det er innarbeidd avsetning i budsjettet for 2018 til førebuaende planarbeid for å realisere campusplanen. Men risikoen kan auke i det mellomlangtsiktige perspektivet (2019–22), då det er noko uvisse når det gjeld finansieringsbehov og finansieringskjelder.

51



Figur 1: Overordna risikoar 2018. Forventa risikoutvikling 2019–22 markerte med piler. Risikoane er (1) Økonomiske rammer og fridomsgradar, (2) Organisasjon og leiing, (3) Fokus på kjerneverksemda, (4) Risiko for ikkje å ha nok evne til å gjennomføre Campusplanen.

Planar for 2018 knytte til verksemdsmåla og styringsparametrane

Styret vedtok 16.10.2017 (med revisjon 07.03.2018) tiltaksplanen for 2018 og har lagt Kunnskapsdepartementet sitt tildelingsbrev for 2018 til grunn. Her følgjer resultatkrav og ambisjonar for 2018 knytte til dei nasjonale og eigendefinerte styringsparametrane tilhøyrande målstrukturen.

Dei føreslegne måla og ambisjonane og tilhøyrande tiltak skal stø opp om satsinga på framifrå forskning og utdanning (FFU) og oppfølging av overordna styringsdokument som stortingsmeldinga *Kultur for kvalitet i høyere utdanning*, *Langtidsplanen for utdanning og forskning* og Kunnskapsdepartementet sin *Digitaliseringsstrategi for UH-sektoren*. I 2018 vil NMBU leggje vekt på ei rekkje tiltak som skal bidra til fleire framifrå miljø, talentsatsing, betre studiekvalitet, utvikle støttefunksjonar for EU-arbeidet og generell kvalitetsheving i alle ledd. Digitalisering innanfor undervisning, forskning og forvaltning vil bli lagt vekt på også i 2018, og det er sett av midlar i budsjettet for å stø opp om denne utviklinga. Arbeidet med å setje NMBU på universitetskartet nasjonalt og internasjonalt og byggje positivt omdømme for universitetet, blir ei viktig oppgåve for universitetsleiinga.

I 2018 vil NMBU arbeide vidare med å skape ein felles organisasjon. Det vil bli lagt vekt på tiltak som kan styrkje fellesskap, organisasjonskultur, tilhøyrslø til og stoltheit over NMBU blant tilsette og studentar. Kultur blir fyrst og fremst bygd gjennom fagleg verksemd.

Samlokaliseringsprosjektet, brukarutstyringsprosjektet og campusplanen legg beslag på store ressursar, både tid, pengar og leiarmerksemd, også i 2018. Brukarmedverknaden følgjer Statsbygg sine framdriftsplanar. Planlegging og førebuande tiltak for flytting går etter planen. Det er sett av 34 mill. kroner til prosjekt campus i 2018. Den føreslegne tiltaksplanen skal bidra til å førebu at NMBU frå overtaking av Samlokaliseringsprosjektet i 2020 kan nå samfunns- og effektmåla Kunnskapsdepartementet har fastsett. Campusplanen som blir vedteken i april 2018, skal gje styret grunnlag for strategiske avgjerder for den framtidige arealdisponeringa. I fyrste omgang innanfor tidsperspektiv 2019/2020, men også i eit mellomlangt og langsiktig perspektiv.

Sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Det blir lagt til grunn følgjande mål/ambisjonar for styringsparametrane knytte til sektormål 1: (NMBU sine eigendefinerte styringsparametrar i kursiv):

Styringsparameter		Mål 2018	2017	
			Resultat NMBU	Gj.snitt for statleg sektor ³
1.1	Delen bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid (DBH)	45 %	43,4 %	47,2 %
1.2	Delen masterkandidatar som gjennomfører på normert tid (DBH).	60 %	57,8 %	48,6 %
1.3	Delen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år (DBH)	75 %	67,1 %	65,8 %
1.4	Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar (Studiebarometeret).	38,0	38,8	35,5
1.5	Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten, på ein skala frå 1–5, (Studiebarometeret) ⁴	4,5	4,2	4,1
1.6	Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk (DBH)	1,45	1,35	
1.7	Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk (Forskningsrådet/NIFU)	60 000 kr	60 500 kr	kr
1.8	Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar (DBH)	2,0 %	1,13 %	0,96 %
1.9	<i>Talet gjennomførde periodiske programevalueringar</i>	5	2017: 0	Ikkje relevant

³ Gjennomsnitt for alle statlege UH-institusjonar

⁴ Skåren viser svaret på påstanden: «Eg er alt i alt nøgd med studieprogrammet eg går på»

53

NMBU sine verksemdsmål:

- NMBU sine kandidatar har kompetanse på høgt fagleg nivå, er etterspurde og bidreg til berekraftig verdiskaping for å sikre livsgrunnlaget for framtida.
- NMBU sine kandidatar har fagleg djupn, tverrfagleg forståing og internasjonalt perspektiv.
- NMBU har fri og uavhengig forskning på høgt internasjonalt nivå som gjev ny kunnskap for ei berekraftig utvikling.

NMBU vil i 2018 leggje vekt på desse tiltaka for å bidra til god måloppnåing:

